

A large, dark, segmented marine crustacean, likely a scud, is caught in a black mesh fishing net. The scud has several small, bright orange spots along its body and legs. The net is draped over a wooden structure, and the background is a blurred view of the sea.

Årsmelding 2007



HAVFORSKINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH



Årsmelding 2007

Havforskningsinstituttet – Avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon

Redaktør: Kari Østervold Toft

Grafisk design: Harald E. Tørresen

Layout: Anton Dommasnes

Trykk: Bodoni Trykk as

INNHALD

3	Visjon
4	Styrets melding 2007
12	Året i glimt
17	Organisasjon
19	Nøkkeltal
20	Økonomi
22	Tilsette
25	Publisering
26	Samarbeid
28	Tokt
29	Fagleg verksemd
30	Forskings- og rådgivingsprogramma
43	Faggrupper
49	Infrastruktur
50	Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid
50	Avdeling for teknisk infrastruktur
57	Reiarlag og fartøy
58	Administrasjon
58	Likestilling
60	Samfunnskontakt og kommunikasjon
61	Publikasjonar 2007

Bileta i Havforskningsinstituttet si årsmelding 2007 er henta frå miljø og aktivitet ved vår forskingsstasjon i Flødevigen. Stasjonen har vore i drift i 125 år, noko som vart markert med eit internasjonalt symposium om integrert kystsoneforvalting i juni og ei flott fagleg og sosial markering i desember. Biletmaterialet er henta frå stasjonen sitt fotoarkiv.



Visjon

Kunnskap og råd for rike og reine hav- og kystområde.

Ambisjon

Vi skal vere internasjonalt leiande innan marin forskning og rådgiving.

Verdiar

Alt vårt arbeid skal byggje på integritet, skaparglede, samspel og respekt.

Styrets melding 2007

I 1882 kom sjøkaptein Gunder M. Dannevig heim til eit distrikt kor torskebestanden var sterkt redusert samanlikna med ”i gamle dagar”. Han fekk det nystifta Arendal Fiskeriselskap med på å byggje Flødevigen Udklækningsanstalt for kunstig masseutklekking av torskeegg til larvar som så skulle setjast ut for å styrke den lokale torskebestanden. Han hadde fått ideen frå Georg Ossian Sars som hadde føreslege å klek-
kje ut saltvassfisk. G.O. Sars meinte at tilgongen på yngel i havet varierte, og at det kunne kompenseras med kunstig utklekking. På den måten kunne ein dempe verknadane av variasjonar i sesongfiskeria for samfunna langs kysten.

Om å lære av historia

”Opprettinga av utklekkingsstasjonar hang saman med ein fagleg og politisk debatt om overfiske. Frå 1870-åra hadde ny dampteknologi og reiskap auka presset på havets ressursar. Det var ein utbreidd frykt for at ein overfiska og tømte havet for fisk”, skreiv Vera Schwach i ein artikkel i Forskningspolitikk i 1996.

Hausten 2007 kunne vi markere at Forskningsstasjonen Flødevigen hadde eksistert i 125 år. Mykje god kunnskap er produsert her gjennom desse åra, kunnskap som har vore til stor nytte, både for fiskeria langs Sørlandskysten og elles i verda. Også i 2007 er det problemstillingar knytt til kystsona som har hovudfokus i Flødevigen. Kartlegging av naturtypar i kystsona, som gir grunnlag for god planlegging på kommune- og regionnivå, er no eit av prosjekta i kystsona med størst aktivitet. Interesse for å få gode data på det som finst i kystsona er svært stor langs heile kysten, og har vist seg å vere eit godt verkøy i planprosessar.

Hummarbestanden er i svært dårleg stand. For at bestanden skal få byggje seg opp att, er det naudsynt at dei som får hummar i fredingstida, set han ut att. Saman med Fiskeridirektoratet gjennomførte vi difor ein informasjonskampanje retta mot fastbuande og feriegjester på strekninga svenske-

grensa–Lindesnes i sommarmånadane. Media vart ein god medspelar for å få budskapen fram, og målet er å få bukt med det ulovlege fisket.


Meir rådgiving

Havforskningsinstituttet er eit rådgivande forskingsinstitutt. Vår rådgiving har hatt hovudfokus på råd for forvaltning av fiskebestandar, men dei seinare åra har talet på råd knytt til miljø og akvakultur auka sterkt. Ei årsak ligg i at brukarane av våre råd ber om at vi skal ta omsyn til effektar av råda på økosystemet, ei anna årsak ligg i større fokus på miljøutfordringar i ei veksande havbruksnæring.

Forsking på genetikk og bruk av genetikk i forvaltninga har vore eit prioritert fagfelt ved instituttet. Gjennom bruk av genetiske metodar er det til dømes muleg å skilje kysttorsk frå nordaustarktisk torsk. Kunnskapen vi får gjennom bruk av denne teknologien er blitt ein viktig reiskap i torskeforvaltninga og ligg til grunn for reguleringa av fisket.

I 2007 lukkast det å utvikle ein metode for genetisk sporing som gjer det muleg å spore fisk til anlegget han har rømt frå. Metoden vart brukt i ei sak der det vart registrert rømt fisk som ingen hadde meldt frå om, og den viste seg å vere svært treffsikker. Det ser ut til at slike saker kjem med jamne mellomrom. Ved Havforskningsinstituttet er målet å utvikle metoden slik at den kan nyttast på alle relevante artar.

Norsk havbruksnæring veks, og forvaltninga av den treng stadig ny og oppdatert kunnskap som grunnlag for sine avgjerder. Utbrotet av francisellose på torsk ved forskingslokalteten vår i Parisvatnet sommaren 2006 vart brukt til å forske intenst på denne sjukdommen. Forskningsresultata førde mellom anna til at vi tilrådde restriksjonar på transport av oppdrettstorsk mellom regionar.



Det har vore stopp i loddefisket i Barentshavet sidan 2003, og heller ikkje i 2007 gav bestandsutrekningane grunnlag for opning av fisket. I fiskeriforhandlingane med Russland vart det likevel semje om at det skulle setjast av ei forskingskvote for å undersøkje utviklinga i bestanden om vinteren. Sidan 1974 er mengda lodde berekna om hausten, men det har ikkje vore noko eige loddetokt om vinteren sidan 1992. I 2005 gjorde vi lovande forsøk med innleigde ringnotbåtar til mengdemåling av gytelodde, og vinteren 2007 starta vi eit treårig prosjekt for å utvikle ein metode for mengdemåling av gytelodde. Det var knytt stor interesse til dette toktet, og målingane med MS "Gardar" viste eit betydeleg innsig av gytelodde til Finnmarkskysten i februar–mars. Det må likevel gjennomførast metodisk utvikling og fleire måleseriar før eit eventuelt vintertokt kan gje grunnlag for å justere forvaltingsråd på lodde ut frå målingar hausten før.

For å gi kunnskapsbaserte forvaltingsråd på sel og kval, gjennomfører vi årlege teljingar av dei einskilde artane, for sel slik at kvar art vert talt om lag kvart tredje år. I 2007 talde vi klappmyss i Vestisen, havområdet mellom Grønland og Svalbard, mellom anna med bruk av flyfotografering av ungeproduksjonen i kasteperioden i mars. Kastande klappmyss vart observert spreidd over eit stort område, heilt ulikt situasjonen i 2005, då kastinga føregjekk i tre veldefinerte område. Den geografiske spreinga innebar store utfordringar både for folk og utstyr – ikkje minst aukar det uvisse i bestandsberekningane.

Etableringa av eit DNA-register for å overvake vågekvallfangsten gir auka kunnskap som ein viktig bieffekt. Registeret kan nyttast til å bestemme storleiken på bestanden, og det gir auka forståing av demografien, noko som er svært verdifullt, fordi vågekvalen er nesten utilgjengeleg med andre metodar.

Havforskningsinstituttet er ein stor organisasjon, men likevel viser det seg at fleksibiliteten er intakt. Både ved Serverforliset i januar og utslippet frå Statfjord A i desember endra vi planlagt verksemd slik at vi var i stand til å sende forskingsfartøy til utsléppsområda. Resultata frå prøvetaking av vatn og fisk viste lave utsléppsnivå og at naturen hadde bidrege til opprenkinga i opne farvatn. Eit anna resultat er at vi kan bruke slike hendingar som "storskala forskingsprosjekt" og hente data som er verdfulle for vidare forskning.

Klimaspørsmål fekk mykje merksemd gjennom 2007 – også ved Havforskningsinstituttet. Kva verknad klimaendringane vil ha på fisken i våre havområde var eit sentralt tema. Eit anna var kva klimaendringane vil ha å seie for utviklinga av norsk akvakultur. Spørsmål om kvar det vil vere best å drive oppdrett, kva artar som vil egne seg for oppdrett, og kva verknad ein høgare sjøtemperatur vil ha til dømes på lakselussituasjonen, var ofte tema for diskusjonar både internt og med næringsaktørar.

Forvaltingsplan

Den første heilskaplege forvaltingsplanen for eit havområde vart vedteken av Stortinget våren 2006. I oppfølginga fram mot revisjonen i 2010, fekk Havforskningsinstituttet leiarskapet i Rådgivande gruppe for overvaking av Barentshavet og havområda utanfor Lofoten – og dermed også ansvar for å samle, systematisere og formidle all kunnskapen som kjem fram gjennom overvaking. 1. mars 2007 vart den første samla rapporten frå gruppa levert Miljøverndepartementet. Dei årlege rapportane vert gitt ut som ein del av vår publikasjonsserie Fisken og havet.

Rapporten frå overvakingsgruppa har bidrag frå 21 institusjonar og dekkjer alle delar av økosystemet frå planktonproduksjon til kval og isbjørn. Det er utvikla indikatorar både for det biologiske, fysiske og kjemiske miljø, og det vert rapportert i tråd med desse indikatorane.

Forvaltingsplanen skal vere ein reiskap for heilskapleg bruk av havområdet. Det inneber også at den tar opp i seg problemstillingar knytt til dei forskjellige næringane sin bruk av havet, og den er spesielt relevant for tilhøvet mellom fiskeri og oljeindustri.

Endra organisasjon

Stortinget vedtok å etablere NOFIMA i 2006. I vedtaket ligg det ei sterkare deling mellom nærings- og forvaltingsretta forskning, og Havforskningsinstituttet skal spisse si verksemd mot forvaltninga. Prosessen med etablering av NOFIMA pågjekk gjennom heile 2007, men ved årsskiftet var det framleis ikkje klart korleis skiljet mellom NOFIMA og Havforskinga skulle utformast. Manglande avklaring førde til uvisse i delar av instituttet, med dei konsekvensar det har for produksjonen.



Havforskningsinstituttet må vere ein dynamisk organisasjon der ein kontinuerleg vurderer organisasjonsstrukturen opp mot dei oppgåvene som skal løysast. I 2004 vart organisasjonen snudd frå ein fagbasert senterstruktur til ein organisasjon for økosystembasert forskning og rådgiving. Denne endringa innebar også ei større omlegging av dei forskningstekniske funksjonane for å gjere desse tenestene meir tilgjengelege for alle som skulle utføre forskning. Dette viste seg å ikkje fungere optimalt, og våren 2007 vart organisasjonen justert slik at desse funksjonane vart lagt inn i dei nye temabaserte faggruppene. No arbeider forskarar og forskningsteknikarar i same gruppe.

Rådgiving til forvaltinga basert på forskning og overvaking er instituttet si fremste oppgåve. For å løyse denne oppgåva best muleg, vart det etablert fem forskingsprogram i tillegg til dei fem forskings- og rådgivingsprogramma for økosystema og akvakultur. Denne endringa inneber at aktivitetane vert initierte og finansierte gjennom programma og utførte i prosjekt med støtte frå faggruppene. All fagleg aktivitet skal vere prosjektorganisert og involvere kompetanse på tvers i organisasjonen. I den reviderte organisasjonen har forskingsstasjonane fått ein fagleg koordinator som har ansvar for å fylle stasjonane med god forskning.

I den nye organisasjonen er det også etablert tre nye avdelingar: Avdeling for teknisk infrastruktur, Avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon og Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid. Direktøren sin stab fekk tre nye forskingsdirektørstillingar, ein for program og prosjekt, ein for strategi og ein for fag og kompetanse.

Samarbeid – nasjonalt og internasjonalt

I 1957 vart det etablert eit formelt samarbeid mellom forskarar frå Havforskningsinstituttet og frå det russiske polarforskningsinstituttet PINRO i Murmansk. Gjennom dette samarbeidet har vi delt forskingsdata, vi har hatt tokt saman i Barentshavet, og utveksla forskarar. Resultatet er ei styrka rådgiving, redusert usisje i bestandsberekningar, felles publikasjonar og – ikkje minst – eit svært godt grunnlag for dialog og forståing mellom landa.

Samarbeidet mellom våre to institusjonar er unikt. Derfor var det naturleg at det vart høgtideleg markert under det

norsk-russiske forskarmøtet i Tromsø i august 2007. Her deltok òg representantar for det marine forskningsinstituttet i Moskva, VNIRO. Utviklinga i Russland og erfaringar frå samarbeidet i Det internasjonale råd for havforskning (ICES) gjorde det naturleg for Havforskningsinstituttet å signere ei eiga samarbeidsavtale med dette instituttet våren 2007.

Havforskningsinstituttet er ikkje ein utdanningsinstitusjon, men gjennom operative samarbeidsavtaler med universitet og høgskular har vi ei rekkje studentar som gjer hovud- og doktorgradsarbeida sine hos oss. Dette er arbeid av stor verdi for instituttet og eit viktig bidrag til å utvikle og rekruttere gode forskarar for framtidig arbeid med havet.

Bistand

Gjennom Nansenprogrammet har Noreg aktivt overført kunnskap om marin forskning og forvalting til utviklingsland sidan 70-talet. Programmet vart avslutta i 2006, men vert vidareført i FAO-satsinga "Ecosystem Approach to Fisheries – the Nansen Programme".

Eit viktig verktøy i Nansenprogrammet har vore forskingsfartøyet "Dr. Fridtjof Nansen" som har sett norske forskarar i stand til å samarbeide med lokale forskarar på havet. Resultata frå programmet er svært synlege i samarbeidslanda sine nyetablerte strukturar for forskning og forvalting. Desse er viktige for å gi utviklingsland reell råderett over nasjonale ressursar, til å ta ansvar for ei berekraftig utnytting av produksjonen i havet og i tillegg ta ansvar for sosial og økonomisk utvikling, også i eit globalt perspektiv.

Det var difor svært gledeleg både for Havforskningsinstituttet og for NORAD då me i fellesskap fekk tildelt The Swedish Seafood Award for Nansenprogrammet. Ei slik utmerking er ei sterk anerkjenning og inspirasjon for alle involverte.

Hausten 2007 vart det òg undertekna ein samarbeidsavtale mellom Havforskningsinstituttet og Oljedirektoratet for å utvikle samarbeidsprosjekt til beste for brukarane av norsk bistand. Det kan mellom anna vere naturleg å samarbeide om undersøkingar og produksjon for petroleumsverksemd, vurdering av marine ressursar og miljørelatert verksemd.



Infrastruktur

Det er eit mål for instituttet at vi til ei kvar tid skal ha optimal infrastruktur både på sjø og land.

Flåten av norske forskingsfartøy har etter kvart behov for utskifting, og alle involverte miljø er samde om at det som bør kome først er eit nytt isgåande forskingsfartøy. Ei arbeidsgruppe, leia av Havforskningsinstituttet, konkluderte med at eit slikt fartøy burde vere statleg, eigd av Norsk polarinstitutt og ha heimehamn i Tromsø. 5 millionar til prosjektering av fartøyet kom på Statsbudsjettet for 2008, og Havforskningsinstituttet fekk ansvar for å leie prosjekteringa.

Økonomi og administrasjon

Meir enn 50 % av Havforskningsinstituttet si finansiering kjem direkte over Fiskeri- og kystdepartementet sitt kapittel på statsbudsjettet. Denne posten skal finansiere oppgåvene instituttet vert pålagt gjennom departementet sitt tildelingsbrev. Resterande midlar hentar instituttet over programma i Noregs forskingsråd og i EU, frå Utanriksdepartementet/NORAD og andre kjelder.

Havforskningsinstituttet brukar både avansert fiskeleitingsutstyr og trål for å få eit så godt bilete som muleg av tilstanden i havet. Til ein del av desse oppgåvene må vi leiga kommersielle fartøy som kan utføre andre operasjonar enn våre egne fartøy. Det er sett av forskingskvotar til bruk i denne verksemda slik at forskingsfangsten ikkje går av fartøyet sin eigen kvote. Forsøksfisket vert sett ut på offentleg anbod, og reiar si betaling er ein avtalt del av inntektene frå sal av fangsten. Inntektene vert bruttoførte i instituttet sin rekneskap og må sjåast i samanheng med utbetaling til reiar på kostnadssida.

I 2007 fekk Havforskningsinstituttet eit negativt driftsresultat på vel 5,2 millionar kroner av ein omsetning på om lag 750 millionar. Ny overført reserve til 2008 er vel 18 millionar kroner.

Havforskningsinstituttet medverkar ikkje til forureining av det ytre miljø.

Den menneskelege ressursen

Havforskningsinstituttet sine 733 tilsette leverte over 647 årsverk i 2007, 107 av desse vart utførde av våre sjøfolk. Vitskapleg stab leverte i overkant av 223 av desse årsverka og forskningsteknisk stab stod for 228 årsverk. Administrativ stab leverte 77 årsverk.

I 2007 hadde instituttet ein netto auke på 24 årsverk. Gruppa teknisk personell auka med ti, medan det kom fem fleire administrativt tilsette og fire fleire forskarar. Også i 2007 fekk vi fleire postdoktorar enn dei som avslutta sitt engasjement. Talet på stipendiatar har halde seg mellom 25 og 27 sidan 2002.

Havforskningsinstituttet har ein kompetent og stabil stab. Ei stor utfordring ligg i at mange tilsette nærmar seg pensjonsalderen, og det må arbeidast for å få til overføring av instituttspesifikk erfarings- og spisskompetanse.

Ved utgangen av 2007 var 32 % av arbeidsstokken ved instituttet kvinner, ein nedgang på 4 % frå 2006. 21 % av leiarane ved instituttet er kvinner, i leiargruppa er to av åtte medlemmar kvinner. Framleis er det langt fram til målet om 40 % kvinner i leiande stillingar, men i 2007 vedtok styret ein handlingsplan for likestilling som skal styrkje rekruttering av kvinner. Planen inneheld tiltak både for å behalde kvinner i vitskaplege stillingar og å leggje til rette for at kvinner kan få raskare karriereutvikling.

Kommunikasjon

Havforskningsinstituttet skal dele kunnskapen sin både med dei som tek avgjerder og folk flest. Difor er kommunikasjon eit viktig arbeidsfelt for alle tilsette. Det er eit mål at vår kunnskap skal vere synleg i media og bli brukt både av skuleelevar, andre forskingsmiljø og som grunnlag for avgjerder både nasjonalt og internasjonalt.

I 2007 hadde Havforskningsinstituttet 3 623 oppslag i media, og då er ikkje fiskeriavisene med i teljinga. Det er ei kraftig auke frå året før, og det er interessant at Nordland er det fylket der vi hadde flest oppslag. Det er òg verdt å merke seg at media var svært opptekne av spørsmål knytt til fisken si helse og velferd i tillegg til seismikkrelaterte saker.

Tradisjonen tru deltok Havforskningsinstituttet på Aqua Nor i Trondheim. Hovudfokuset vårt på denne akvakulturmessa var å vise forskning for eit berekraftig havbruk, og den nye velferds-målaren vekte stor interesse. Forskarar som er unikt opptekne av å dele sin kunnskap er det beste grunnlaget for å få til god kommunikasjon.

Det er ein trend at utanlandske media er stadig meir opptekne av Noreg som fiskerinasjon. Eit døme er besøket frå Japan, som laga eit større program i "60 Minutes"-format om Noreg som var kåra til den beste fiskeriforvaltingsnasjonen i verda. Dette programmet fekk stor merksemd i Japan.

Forskningsdagane er blitt ein årleg tradisjon siste veka i september, og i den perioden har vi no aktivitetar på alle våre lokalitetar. I tillegg til å vere eit utstillingsvindaug for oss er dette ein fin måte å møte skuleelevar og lærarar på. Dette er ei viktig målgruppe både i eit rekrutteringsperspektiv, men like mykje fordi vi gjerne vil at den kunnskapen vi finn fram til skal takast i bruk av dei som formidlar natur- og realfag.

Våre to store populærvitskaplege publikasjonar, Havets ressurser og miljø 2007 og Kyst og havbruk 2007, vart markerte


med ein godt besøkt sleppkonferanse i Bergen. Også denne konferansen genererte stor mediainteresse.

Internett blir stadig meir brukt når folk søker kunnskap. Havforskningsinstituttet sine nettsider treng ei oppgradering, og arbeidet med dette starta i 2007. Ei omfattande brukarundersøking gav verdifull informasjon som grunnlag for utvikling av nettstaden – og nyttig kunnskap om kva folk veit og ikkje veit om oss. Å lage nye nettsider er eit stort prosjekt, og vi reknar med lansering i slutten av 2008. På nettstaden vår *imr.no* er det ved utgangen av 2007 om lag 23 000 sider.

I november forlet "G.O. Sars" Bergen for å gjere forskning i Antarktis i eit halvt år. Før avgang var pressa invitert til gjennomgang av toktet, og statsråd Helga Pedersen var med på det aller første legget. Havforskningsinstituttet sin del av Antarktistoktet starta ikkje før over nyåret, men merksemda rundt det var stor også i forkant.

Styret takkar alle tilsette ved Havforskningsinstituttet for godt arbeid i 2007.

Havforskningsinstituttet fekk nytt styre frå januar 2008.



Turid Moldenes



Otto Gregussen



Reidun Ann Støle



Lisbeth Berg-Hansen



Peter Gullestad



Lars Walløe



Magnus Johannessen



Jan Skjervø



Kathrine Michalsen

Året i glimt



JANUAR

Kartlegg miljøkonsekvensane av "Server"-forliset

Havforskningsinstituttet er i ferd med å kartleggje havmiljøet i området rundt Fedje etter oljeutslippet frå "Server". Forskingsfartøyet "Håkon Mosby" har samla inn plankton- og vassprøvar frå fleire lokalitetar og djup rett ved, og i områda nær utslippstaden. Vi har òg teke vassprøvar ved to oppdrettsanlegg sør for Fedje.



Norsk-russisk workshop


Havforskningsinstituttet og PINRO i Murmansk har i 20 år utveksla data om torskens diett. Den felles databasen vi har på dette er ein av hjørnesteinane i samarbeidet mellom institutta. Til saman ligg det inne data frå om lag 225 000 torskemagar.

20-årsjubileum i Parisvatnet

15. desember 2006 var det 20 år sidan Havforskningsinstituttet sin feltstasjon Parisvatnet vart opna. Jubileet vart feira 1. februar 2007 med eit jubileumsseminar på Kystmuseet i Øygarden. Programmet inneheldt m.a. foredrag, omvisning på anlegget i Parisvatnet og sjømatlunsj.



FEBRUAR



Vegbok om den norske kyststraumen

Havforskningsinstituttet sin nye bok om dei fysiske og kjemiske forholda i Den norske kyststraumen blei lansert i midten av februar. Boka er skriven på engelsk og har fått tittelen "The Norwegian Coastal Current – Oceanography and Climate". Roald Sætre er redaktør og Harald Tøresen har stått for grafisk formgeving.

MAR-ECO fikk Descartes-prisen

7. mars mottok Odd Aksel Bergstad EU sin Descartes-pris for vitskapleg kommunikasjon 2006 på vegne av MAR-ECO-prosjektet. MAR-ECO vann dermed ein av dei fem Descartes-prisane som EU delar ut kvart år. Bergstad er forskar ved Forskningsstasjonen Flødevigen.



MARS



Kjelda til rømt laks spora med DNA


Eit oppdrettsanlegg på Vestlandet vart politietterforska i samband med rømming av laks etter at Havforskningsinstituttet spora den rømde fisken tilbake til opphavsstaden. For første gong er DNA frå laks brukt for å finne kjelda til rømming.

Selteltjektet er avslutta

Båt- og helikopterdelen av selteltjetingane i Vestisen aust av Grønland vart avslutta første veka i april. Vi fikk svært godt vær i den viktigaste fasen av yngleperioden for både klappmyss og grønlandssæl. Dette gjorde at vi fekk ein rimeleg god flyfotografisk dekning av ungeproduksjonen for begge artar.



APRIL



Nytt korallrev kartlagt av MAREANO

MAREANO sitt vårtokt nærmar seg slutten. Noko av det meir spennande vi har opplevd denne gongen var oppdaginga av eit friskt og flott korallrev på ryggen mellom Malangsgrunnen og Fugløybanken, det såkalla Malangsrevet.

Testing av ny teknologi

I midten av mai testa Havforskningsinstituttet og Bjerknessenteret ut sin nyanskaffa Glider. Dette er ein ubemanna undervassfarkost som skal seile sakte over lange avstandar (f.eks. fram og tilbake til Storbritannia) og gjere kontinuerlege målingar frå overflata til botn. Kvar gong farkosten er ved overflata, blir målingane sende via satellitt til land, samtidig som vi då kan endre den førehandsprogrammerte seilingsruta.



MAI



Frisk villfisk og sjuk oppdrettsfisk – ein dobbel myte?

Villfisk er ikkje spesielt frisk, og oppdrettsfisk er ikkje spesielt sjuk. Sjukdom er ein del av naturen, og sjukdomsfridom kan gjerne bli betrakta som noko unaturleg, går det fram av ein artikkel i siste nummer av tidsskriftet *Diseases of Aquatic Organisms*. Forfattar av artikkelen er Øivind Bergh, leiar for faggruppe Helse.

Internasjonalt fokus på kysten

10.–14. juni var 170 deltakarar frå 35 land samla i Arendal for å diskutere forvaltning av liv, miljø og areal i kystsona. Havforskningsinstituttet arrangerte konferansen innan dette relativt nye og tverrfaglege feltet. Nøkkelspørsmålet som vart stilt, er korleis vi kan balansere omsynet til verdiskaping, vern og rekreasjon langs kysten.



JUNI



Stor produksjon av genetisk merka torskøyngel

Årets produksjon av torskøyngel i Parisvatnet i Øygarden ser ut til å verte rundt 600 000 yngel, eit av dei beste resultatane som er oppnådd sidan yngelproduksjonen starta i der i 1987. Stamfisken i år er resultat av eit omfattande forskingsarbeid, og han har eit spesielt genetisk merke som blir overført til avkommet. Dette "merket" er lett å identifisere ved hjelp av relativt enkle analysemetodar.

Bevaringsområde for hummar

Områdevern er innført for å byggje opp den norske hummarbestanden, noko som har vist seg vanskeleg med tradisjonelle reguleringstiltak. Internasjonalt er det stor interesse for arbeidet med marine verneområde, MPA (Marine Protected Areas). Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet gjennomførte sommaren 2007 ein kampanje langs Skagerrakkysten, og oppfordra publikum om å respektere hummarfredinga fram til 1. oktober.



JULI



Oppdrett av steril fisk

Bruk av steril fisk i oppdrett kan vere ein gunstig metode for å redusere den genetiske påverknaden rømt oppdrettsfisk har på villfisk. Dagens teknikkar for å sterilisere fisk har likevel negative effektar på fiskevelferd og produksjonsresultat, og det er difor problematisk å eintydig anbefale bruk av t.d. steril laks i oppdrett.

Velferdsmeteret i fokus

Ei opplagd og interessert Helga Pedersen besøkte Havforskningsinstituttet sin stand på Aqua Nor 15. august. Fiskeri- og kystministeren fekk demonstrert det nyutvikla Velferdsmeteret av ein stolt havforskar, Trygve Gytre, som kunne konstatere at ministeren likte det ho såg.



AUGUST



Gjennombrot i kveiteoppdrett

Problem med feil augevandring og manglande pigmentering fører til at oppdrettarar gjerne må sortere ut rundt halvparten av kveiteyngelen. Forskarar ved Havforskningsinstituttet har utvikla ein metode som i forsøk har gitt yngel med 85 % riktig augevandring.

Heider til norsk fiskeribistand

I 30 år har Nansenprogrammet bistått fattige kyststatar verda over med kartlegging av fiskebestandar, oppbygging av forskingskompetanse og forvaltings-system. 21. september mottok programmet Svensk Fisk sin internasjonale pris "Kungsfenan" for sitt banebrytande arbeid. Prispengane på 300 000 svenske kroner skal setjast inn i eit fond. Noreg har òg fått stempelet best i verda på fiskeriforvaltning frå institusjonen Chatham House i London.



SEPTEMBER



Første strømmålar aust i Barentshavet

Kva som renn inn i Barentshavet av varmt atlantterhavsvatn, har Havforskningsinstituttet ganske god kontroll på etter grundige målingar mellom Fugløya i Troms og Bjørnøya dei siste ti åra. Fem strømmålingsriggar, som blei satt ut mellom Novaja Semlja og Frans Josefs land, skal gi ny informasjon om havstraumane aust i Barentshavet.

Kvar fjord sin torskebestand?

For å få ein fornuftig forvaltingsplan for ein fiskeart må vi vite om den er oppdelt i lokale grupper eller populasjonar, og i kva for grad desse er uavhengige av kvarandre. Ved å kombinere moderne genetiske analysemetodar med klassiske fiskeribiologiske metodar, har vi studert torsken langs Skagerrakkysten med dette for auge. Resultata viser at kysttorsken er delt inn i lokale populasjonar, og vi kan – noko forenkla – sei at kvar fjord har sin eigen torskebestand.



OKTOBER



Trenging gjer makrellen stressa

Stor makrell blir betalt langt betre enn mindre makrell. Når båtane i notflåten skal avgjere kvantum og storleik på fisken i eit kast, vil mange tørke nota så mykje opp at fisken blir trengt og begynner å "koke" før det blir teke prøver av fangsten. No er det påvist at koking i ti minutt gjer makrellen så stressa at den dør.

3000 forskingsbøyer i verdshava

I alle havområde driv det no små bøyer rundt på meir enn 1000 meters djupne for å gjere registreringar til forskarar frå heile verda. Kvar tiande dag kjem dei små Argo-bøylene til overflata for å sende informasjon om posisjon, temperatur, saltinnhald og trykk, til ein satellitt som vidaresender informasjonen til datasenter der den vert tilgjengeleg for alle interesserte.



NOVEMBER



Reka Falkenhaus

Tone Falkenhaus ved Forskingsstasjonen Flødevigen har fått æra av å få ei nyoppdaga reke oppkalla etter seg. Reka har fått namnet "*Alteatipes falkenhausae*". Arten blei funnen då Tone var med på MAR-ECO-toktet til Den midtatlantiske rygg sommaren 2004.

Forskingsstasjonen Flødevigen 125 år

Forskingsstasjonen vart oppretta 2. desember 1882 som "utklækninganstalt" for torskelarver. Med sine 125 år er den ein av Europas eldste anlegg for eksperimentell og feltbasert forskning på marint liv og miljø. Jubileet vart markert 7. desember med festarrangement for inviterte gjester i Arendal gamle rådhus, og fagleg seminar i Arendal bibliotek for alle interesserte.




DESEMBER



Forskingsfartøy går til oljeflaket

Instituttet endra seilingsplanen til "Håkon Mosby" og "Johan Hjort" og sette dei inn i undersøkingar av oljeutsleppet frå Statfjord A i Nordsjøen. Fem av 16 vassprøver viste spor av olje som var mellom fem og ti gonger over bakgrunnsnivået for området. Fiskeprøvene viste at fiskefileten er rein. Nokre få enkeltprøver av lever viste spor av oljekomponenter.

Organisasjon



STYRET I 2007

Leiv Grønnevet (leiar), bedriftsrådgivar, SINTEF MRB, Ålesund
Kari Riddervold (nestleiar), adm. direktør, Sparebanken Nord-Norge Invest AS, Tromsø
Peter Gullestad, fiskeridirektør, Fiskeridirektoratet, Bergen
Jan Skjervø, generalsekretær, Norges Fiskarlag, Trondheim
Anne Gro Veia Salvanes, prorektor, Universitetet i Bergen
Lisbeth Berg Hansen, fiskeoppdrettar, Bindalseidet
Lars Walløe, professor, Universitetet i Oslo
Kathrine Michalsen, forskar, tillitsvald vitskapleg personell
Magnus Johannessen, fagkonsulent, tillitsvald teknisk/administrativt personell

Varamedlemmar

Bente Jarandsen (1. vara) fagsjef, OLF, Stavanger
Arne Pedersen (2. vara) fiskar/dagleg leiar, Vestre Jakobselv

Vara for fiskeridirektøren

Grethe Aa. Kuhnle, avdelingsdirektør, Fiskeridirektoratet

Varamedlemmar, Havforskningsinstituttet


Kjellrun Hiis Hauge (1. vara), forskar, vitskapleg personell
Karin Boxaspen (2. vara), forskar, vitskapleg personell
Guri Nesje (1. vara), overingeniør, teknisk/administrativt personell
Helene Pedersen (2. vara), seniorkonsulent, teknisk/administrativt personell

LEIING

Administrerende direktør Tore Nepstad

Forskningsdirektør Ole Arve Misund, Rådgivingsprogram Norskehavet/Nordsjøen og Rådgivingsprogram Barentshavet (til 26. mars), Program og prosjekt (frå 1. juli)
Forskningsdirektør Reidar Toresen, Strategi (frå 1. juli)
Forskningsdirektør Einar Svendsen, Fag og kompetanse (frå 1. juli)
Forskningsdirektør Ole J. Torrissen, Rådgivingsprogram akvakultur (til 26. mars)
Forskningsdirektør Erlend Moksness, Rådgivingsprogram økosystem kystsone (til 26. mars), forskningssjef
Flødevigen (frå 26. mars)
Forskingssjef Ole Jørgen Lønne, Avdeling Tromsø
Forskingssjef Ingvar Huse, Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid (til 31. mai)
Avdelingsdirektør Åsmund Bjordal, Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid (frå 27. august)
Kommunikasjonsdirektør Kari Østervold Toft
Avdelingsdirektør Anne Skarstein, Administrasjonsavdelinga
Avdelingsdirektør Per W. Nieuwejaar, Reiarlaget og Forskingsteknisk avdeling (til 22. oktober)
Avdelingsdirektør Øystein Brun, Teknisk infrastruktur (frå 22. oktober)
Seniorrådgivar Åse L. Pedersen

Nøkkeltal




Økonomi

Finansrekneskap 2007

(1000 kroner)	Instituttet	Forskningsfartøya	Havforskningsinstituttet totalt
UTGIFTER			
Løn inkl. sosiale kostnader	247 262	79 863	327 125
Basis driftskostnader	116 981	91 090	208 071
Utviklingskostnader/investeringar	8 214		8 214
FoU-prosjektrelaterte driftskostnader	128 089		128 089
Godtgjering til reiar for leigefartøy	78 958		78 958
Sum utgifter	579 504	170 953	750 457
FINANSIERING			
Fiskeri- og kystdepartementet	262 030	112 419	374 449
Nto. overføringer mellom kapittel 1020 og 1021	4 335		4 335
Noregs forskingsråd	80 251		80 251
EU	12 554		12 554
Norad	16 120	36 993	53 113
Utanriksdepartementet	20 345		20 345
Anna offentlig finansiering	37 036	20 725	57 761
Fangstinntekter	111 349		111 349
Anna finansiering (1)	30 884	199	31 083
Sum finansiering	574 904	170 336	745 240
Over-/underdekning	-4 600	-617	-5 217
Mellomrekning prosjekt 1020/1021	-704	704	
Endeleg over-/underdekning	-5 304	87	-5 217
Reserve ved byrjinga av året			28 002
Trukket av reserven (AKES)			-4 335
Reserve ved slutten av året			18 450

(1) Øvrig finansiering gjeld næringslivet, annen utenlansk, tilfeldige inntekter og endring avsetnad.




Inntekter 2007
Til saman 745 mill. kroner



Havforskningsinstituttet fekk eit negativt driftsresultat på 5,217 mill. kroner i 2007. Ny overført reserve til 2008 er 18,450 mill. kroner. Driftsinntektene var på totalt 745,240 mill. kroner, ei auke frå året før på 68,845 mill. kroner.

Lønskostnadene våre i 2007 var på 327,125 mill. kroner, ei auke frå 2006 med i alt 21,731 mill. kroner, eller vel 7,1 %. Kostnader til varer og tenester utgjør 423,332 mill. kroner, ei auke frå 2006 på 54,607 mill. kroner. I prosent utgjør auken om lag 14,8 %.



Utgifter 2007
Til saman 750 mill. kroner

Instituttet si prosjektportefølje i 2007

Storleik (i 1000 kr) for heile prosjektet	Tal prosjekt i 2007	Totalsum 2007
0–100	64	3 430
101–500	150	38 000
501–2000	162	160 000
2001 og over	103	555 000
Sum	479	756 430

Tilsette

Årsverk 2007 (faste og engasjerte inntil 4 år)

Kategori	Bergen	Tromsø	Flødevigen	Matre	Austevoll	Fagsenteret	Reiarlag	Totalt 2007	Totalt 2006
Forskarar	122,0	18,6	12,0	5,9	12,0	7,3		177,8	173,2
Teknisk personell FoU	116,8	10,7	11,5	11,1	14,5	4,0		168,6	163,5
Teknisk personell	19,5	0,8	1,4	3,0	2,8		29,5	59,7	54,6
Adm. personell	62,8	3,7	3,0	1,5	2,0	2,7	3,7	76,7	71,2
Skipspersonell							107,0	107,0	106,0
Sum	321,1	33,8	27,9	21,5	31,3	14,0	140,2	589,8	568,5

Stipendiatar	19,8	1,0		2,6	2,6			26,0	25,5
Postdoktorar	10,9		1,3	2,0	2,4			16,6	11,8
Forskingssjef II	1,3		0,2	0,4	0,2			2,1	2,4
Lærlingar				0,6	3,6		1,3	5,5	5,9
Reinhaldarar			0,7	1,0	2,7			4,4	4,4
Arbeidsmarknadsstillingar	0,5							0,5	0,2
Sum	32,5	1,0	2,2	6,6	11,5	0,0	1,3	55,1	50,2

Forskingdirektørar og stasjonsleiarar er plasserte under administrativt personale. Berekningane går på årsverk.

Årsverk (faste og engasjerte inntil 4 år) 2001–2007

Kategori	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Forskarar	134,4	144,8	165,6	166,6	172,5	173,2	177,8
Teknisk personell	179,6	187,4	204,2	208,3	207,7	218,1	228,3
Skipspersonell	118,0	118,0	117,0	106,0	106,0	71,2	107,0
Adm. personell	65,9	68,4	72,0	81,2	74,9	106,0	76,6
Sum	497,9	518,6	558,8	562,1	561,1	568,5	589,8

Stipendiatar	22,6	26,3	27,5	27,3	25,5	26,0	26,9
Postdoktorar	7,0	7,8	14,8	15,7	11,8	16,6	18,8



Havforskningsinstituttet hadde 73 internasjonale prosjekt i 2007. Av dette var 39 EU-prosjekt, to COST-prosjekt, fem prosjekt frå Nordisk ministerråd, to FN-prosjekt og 25 med finansiering frå andre.

Instituttet sende inn to patentsøknader, ein i Noreg og ein i utlandet.

Avgang og tilvekst av forskarar og anna fagleg personale 2007

	Avgang (tal)	Tilvekst (tal)
Næringslivet	4	2
Universitet og høgskule (unnateke nyutdanna)	1	4
Andre forskingsinstitutt	1	4
Offentleg verksemd		3
Utlandet	2	2
Nyutdanna		6
Anna (inkl. avgang for aldersgrensa)	6	2
Sum	16	20

Om doktorgradar i 2007

	Menn	Kvinner
Tilsette i hovudstilling ved instituttet med doktorgrad	112	35
Tal doktorgradsstipendiatar med arbeidsplass på instituttet	16	11
Andre (ikkje stipendiatar) som arbeider med doktorgrad		2
Tal nye doktorgradar avlagde av tilsette ved instituttet	7	1

Doktorgradar avlagde av Havforskningsinstituttet sine tilsette i 2007

Tittel	Disputant	Forskningsgruppe
“Surveillance of marine resources by use of stationary platforms and autonomous underwater vehicle (AUV)”	Ruben Patel	Observasjonsmetodikk
“Collective behaviour of herring during spawning”	Georg Skaret	Utbreiing og trofiske interaksjonar
“Distribution and life cycle of Calanus species in relation to the seasonal phytoplankton development and predator-prey interactions with Norwegian spring spawning herring in the physical setting of the Norwegian Sea ecosystem”	Cecilie Broms Årnes	Plankton
“Methodology for <i>in situ</i> target strength measurement of fish”	Geir Pedersen	Observasjonsmetodikk
“Production cage environment and salmon behaviour“	David Anders Johansson	Fiskevelferd
“Effects of alkylphenols (C4-C7) on the reproductive system of Atlantic cod (<i>Gadhus morhua</i>)”	Sonnich Meier	Marin miljøkvalitet
“The effect of fish behaviour and spatial structures on acoustic and trawl surveys”	Espen Johnsen	Populasjonsgenetikk
“Acoustic identification and abundance estimation of horse mackerel, jellyfish and mesozooplankton in the Benguela Ecosystem”	Bjørn Erik Axelsen	Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid



Publisering

Publisering og formidling 2007

Kategori	Tal
Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift med referee	145
Artiklar i norske vitenskaplege tidsskrift med referee	
Fagbøker, lærebøker eller andre sjølvstendige utgivingar	19
Kapittel eller artiklar i fagbøker, lærebøker, konferanserapportar ("proceedings"), fagtidsskrift	37
Rapportar i eigen rapportserie	227
Rapportar i ekstern rapportserie	100
Rapportar til oppdragsgivarar (konfidensielle sluttrapportar)	15
Foredrag/framlegging av paper/poster	230
Populærvitenskaplege artiklar og foredrag	107

*) I tillegg kjem ei omfattande populærvitenskapleg verksemd i form av artiklar, foredrag, kronikkar, leiarar o.l. i tidsskrift, dagspresse, radio og tv.

Konferansar, seminar o.l. der instituttet har medverka som arrangør i 2007 (kun konferansar o.l. som varar ein heil dag eller meir)

Tal konferansar	8
-----------------	---



Samarbeid

Rettleiingssamarbeid med universitet og høgskular 2007

	Menn	Kvinner
Tilsette i hovudstilling ved instituttet som har vore rettleiarar for hovudfags-/doktorgradskandidatar i 2007	25	6
Tal avlagde doktorgradar i 2007 der instituttet har bidrege med rettleiing		
Tal hovudfags-/diplomstudentar med arbeidsplass ved instituttet	7	14

**Utanlandske gjesteforskarar
med opphald over to måneder
ved instituttet 2007**

Frå land/region	Tal gjeste- forskarar	Månader opphald i alt
Norden		
EU, ekskl. Norden	1	6
Europa elles	1	
USA		
Canada		
Asia		
Anna		
Sum gjesteforskarar	2	6

**Forskarar og anna fagleg personale ved
instituttet med opphald over to måneder
ved utenlandsk forskingsinstitusjon 2007**

Til land/region	Tal forskarar	Månader opphald i alt
Norden		
EU, ekskl. Norden		
Europa elles		
USA	2	14
Canada		
Asia	1	6
Anna		
Sum utanlandsopphald	3	20






Tokt

Toktoversikt

Fartøy	Fartøydagar totalt 2006	Fartøydagar totalt 2007
“G.O. Sars”	312	301
“Johan Hjort”	303	309
“G.M. Dannevig”	178	195
“Håkon Mosby”	314	304
“Dr. Fridtjof Nansen”	324	311
“Hans Brattström”	200	231
“Fangst”	188	188
“Jan Mayen”	79	71
Andre fartøy	828	999
Sum	2 726	2 909



Fagleg verksemd



Havforskningsinstituttet har ein organisasjon som er retta inn mot å gi gode og heilskaplege råd til forvaltninga. Forskings- og rådgivingsaktiviteten vert leia gjennom fire økosystembaserte og eitt tematisk program. I tillegg har instituttet fem forskingsprogram .Fagleg aktivitet vert leia og finansiert gjennom desse programma og utført i faggruppene

Forskings- og rådgivingsprogram økosystem Barentshavet

PROGRAMLEIAR: INGOLF RØTTINGEN

For Barentshavet er god kvalitet på det marine miljøet ein føresetnad for ein berekraftig utvikling og framgang for dei marine næringane. Det inneber å oppretthalde eit mest muleg forureiningsfritt marint miljø, fornuftig forvaltning av marine ressursar og vern av artsmangfaldet. Barentshavet er eit grenseområde som blir sterkt påverka av varme nordlege havstraumar med atlantehavsvatn frå sør og av kalde sørgåande straumar frå polhavet. Klimaprognosane tilseier at dei største endringane, som auka lufttemperatur og issmelting, vil skje i dei nordlege områda. Dette skjer samstundes som det er auka politisk fokus i området gjennom til dømes regjeringa sin nordområdestrategi, auka petroleumsaktivitet og tilhøvet til Russland.

Det er fleire norske og internasjonale forvaltingsstrukturar som skal overvake utviklinga og fatte relevante avgjerder som sikrar ein berekraftig og føre-var-utvikling i dette området. Rådgivings- og forskingsprogram økosystem Barentshavet har som oppgåve å ha fokus på heile økosystemet og ei økosystemtilnærming i dei kunnskapsbaserte råda vi gir til forvaltingsstyresmaktene.

Innsamling og kvalitetssikring av data i lange tidsseriar er viktig som grunnlag for bruk og analyse av ressurs- og klimamodellar. Mykje av programmet sine ressursar går til slikt arbeid. Samarbeid med russiske forskarar er også en nødvendig føresetnad for rådgivingsarbeidet.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

- I februar 2007 vart det sett i gong eit treårig (2007–2009) prosjekt som tek sikte på å måle mengda av modnande lodde om vinteren. Målet er at den kvoten som er blitt sett med utgangspunkt i toktet i september, kan justerast ut frå nye observasjonar direkte på moden lodde. Bruk av fiskefartøy er ein viktig del av prosjektet. Prosjektet er forankra i eit vedtak frå Den norsk-russiske fiskerikommisjon og i diskusjon med forvalting og næring.
- I mars 2007 vart den første rapporten til overvaksingsgruppa i Forvaltingsplan Barentshavet lagt fram. Forvaltingsplanen vart vedteken i 2006, og overvaksingsgruppa sitt arbeid er ein sentral struktur i oppfølginga av forvaltingsplanen. Basert på miljøindikatorar gir denne rapporten oversikter og samanhengar i utviklinga av forskjellige delar av økosystemet i Barentshavet, noko som er viktig når det skal takast avgjerder i forvaltinga. Hovudmengda av informasjonen har basis i undersøkingane Havforskningsinstituttet gjennomfører.
- I august 2007 vart det arrangert eit symposium i Tromsø for å markere 50 års formalisert forskningssamarbeid med havforskningsinstituttet i Murmansk (PINRO). Dette forskningssamarbeidet er ein føresetnad for den felles norsk-russiske forvaltinga av marine ressursar i Barentshavet, og symposiet bidreg til å styrkje dette samarbeidet.
- I oktober 2007 vart ein ny føre-var-haustingsregel for nordaustarktisk hyse vedteken på den 36. sesjon av Den norsk-russiske fiskerikommisjon. Vedtaket byggjer på eit betydeleg felles arbeid mellom norske og russiske forskarar, blant anna i Det internasjonale råd for havforskning (ICES).

Forsknings- og rådgivingsprogram økosystem Norskehavet

PROGRAMLEIAR: HARALD LOENG

Dei fysiske forholda i topografien i Norskehavet gir grunnlag for ein rik næringsproduksjon. Norskehavet har den største kjelda til raudåte (*Calanus finmarchicus*) i norske farvatn, og fungerer difor som matfat for ulike bestandar. Norskehavet er det einaste av våre økosystem som er djuphavsområde.

Forsknings- og rådgivingsprogram økosystem Norskehavet skal, gjennom overvaking og forskning, skaffe fram kunnskapsgrunnlag for rådgiving til nasjonale og internasjonale forvaltingsstyresmakter om tilstanden i økosystemet i Norskehavet. Forsking og rådgiving på dei pelagiske artane norsk vårgytande sild, makrell og kolmule og djuphavsartane blåkkeite, uer, brosme, lange og vassild utgjer ein vesentleg del av programmet. Sjøpattedyrforskinga ved instituttet er ein del av programmet. Det er òg MAR-ECO-prosjektet, som har mål om å beskrive og forstå utbreiing, næringsnett og livshistorie til dyr som lever langs Den midtatlantiske rygg i Nord-Atlanteren.

I Norskehavsprogrammet skal det utviklast økosystembasert rådgiving gjennom prosessorientert forskning på fiskebestandane. Vi skal studere endringar i bestandsstruktur, rekruttering, vekst, vandring, stimåtfærd, romleg overlapp og interaksjonar mellom artane. Programmet skal òg bidra til mindre uvisse i bestandsberekning ved å forbetre overvaksingsmetodikk og toktstrategi, samt ved utnytting av sonar og

ny merketeknologi. I tillegg skal vi overvake og vurdere tilstanden i havklima, primærproduksjon og dyreplankton.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

- ▶ MAR-ECO vann EU sin Descartes Communication Prize 2006, utdelt i 2007.
- ▶ Atlanterhavsvatnet i Norskehavet har vore uvanleg varmt og salt dei siste seks åra. Innstrøyminga av atlanterhavsvatn var normal i 2007, men temperaturen på dette vatnet i det sørlege Norskehavet var 0,8 °C over normalen og høgare enn nokon gong sidan målingane starta i 1977. I slutten av 2007 sank derimot temperaturen på atlanterhavsvatnet til det normale.
- ▶ Det har vore nedgang i mengde dyreplankton dei siste åra, og 2007 viste eit minimum for dei siste ti åra. Om denne nedgangen skuldast dei store bestandane av planktonetande fisk (sild, kolmule, makrell), er ikkje klart. I dei seinare åra er det sporadisk observert førekomstar av meir sørlege planktonorganismar sør i Norskehavet. Dette kan skuldast temperatúrauke eller auka transport av vatn sørifrå. Førekomstane er framleis relativt sjeldne, men ser ut til å skje oftare, og vi vil følgje utviklinga nøye i åra som kjem.
- ▶ Norsk vårgytande sild er verdas største sildebestand. Veksten i bestanden held fram, både som eit resultat av gunstige forhold i havet, ein stor gytebestand og ein godt fungerande forvaltingsplan. Gytebestanden er no berekna til å vere ca. 12 millionar tonn. Kolmulebestanden nådde derimot toppen i 2003 og er no raskt på veg nedover. Når det gjeld makrell, er nivået på gytebestanden usikkert, men det ligg truleg nær føre-var-nivået.
- ▶ Situasjonen for blåkveitebestanden er usikker. Både totalbestand og gytebestand er låg i eit historisk perspektiv, men er gradvis blitt betre. For lange og brosme tilrår ICES reduksjon i fiskeinnsatsen, medan dei tilrår stopp i det direkte fisket etter blålange.
- ▶ I 2005 var berekningane av ungeproduksjonen hos klappmyss i Vestisen betydeleg lågare enn i 1997. Sidan 1980 ser det ut til at bestanden har stabilisert seg på eit lågt nivå som truleg ikkje er meir enn 10–15 % av nivået for 60 år sidan. Frå og med 2007 har ICES difor tilrådd at det ikkje blir gitt løyve til fangst av klappmyss i Vestisen. Ein avgrensa forskingsfangst er likevel unntaket frå dette forbodet.
- ▶ I forhold til storleiken på dette havområdet og den veldige variasjonen i vassmasser, djup og botnforhold, er det gjort få studiar av botndyr i Norskehavet. Dei siste åra er det først og fremst midtnorsk sokkel som er undersøkt, og det blir stadig beskrive nye kaldtvasskorallrev, nokre av dei dekkjer store areal. Reva er store biologiske konstruksjonar som gjer dei til eit eigna leveområde for mange organismar. Til no er det gjort få undersøkingar av dyrelivet knytt til desse reva, men det er allereie funne 614 artar på *Lophelia*-reva langs norskekysten.

Forskiings- og rådgivingsprogram økosystem Nordsjøen

PROGRAMLEIAR: ELSE TORSTENSEN

Økosystemet i Nordsjøen er i stor grad påverka av menneskeleg aktivitet med tett skipstrafikk, store hamnar, olje- og gassutvinning og avrenning frå 184 mill. menneske i nedslagsområdet for økosystemet. Nasjonane rundt det grunne nordsjøbassenget har delt forvaltingsansvar. Det inneber at dette programmet har stor internasjonal samhandling, og instituttet bidreg med faglege råd i bilaterale kvoteforhandlingar med EU og i NEAFC. I tillegg til råd på tobis, sei, hyse, torsk, augepål, nordsjøsild og brisling, har programmet ansvar for konkrete forskingsoppgåver som er nedfelte i fiskeriavtalen mellom EU og Noreg.

Programmet skal skaffe fram kunnskap om einskildbestandar og økosystemet gjennom forskning og overvaking. Dette ligg til grunn for råd til forvaltninga på alle område som vedkjem utnytting av havets ressursar og miljø i Nordsjøen og Skagerrak. I rådgivingsprosessen skal vi leggje større vekt på økosystemeffektar og uvisse/risiko, eit arbeid som vert utført i nært samarbeid med ICES.

Overvaking av økosystemtilstanden basert på observasjonar, fangststatistikk og modellresultat, utgjer hovuddelen av programmet. Dette gjer at havklima, biologisk produksjon, fiskebestandar og biologisk mangfald etter kvart kan talfestast. I utarbeidinga av prognoser over bestandsutviklinga for viktige ressursar har vi fokus på at fangstdata skal vere pålitelege og på auka kvalitetssikring av biologiske data og i miljødata. Det vil være behov for å utvikle observasjonsmetodikk for å kunne måle økosystemets dynamikk. Ei av årsakene til mangelfull økosystemforståing er at innsamla data ikkje dokumenterer interaksjonen mellom dei ulike komponentane i systemet.

Menneskeleg påverknad vert overvaka gjennom målingar av forureining, som radionuklidar, organiske miljøgifter og auka nivå av næringssalt.

I programmet forskar vi på rekruttering hos utvalde fiskebestandar (torsk, augepål, sild og tobis) for å forstå variasjonar i rekruttering og rekrutteringssvikt. Vi skal også fokusere på å auke kunnskapen om økosystemets oppbygging, virkemåte og variabilitet, og korleis klimaendringar påverkar økosystemet i Nordsjøen, med særleg vekt på rekruttering og utbreiing hos fiskebestandane.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

- Låg rekruttering av nordsjøsild for femte året på rad. Kvifor klarer ikkje larvane å overleve første vinteren? Rekrutteringssvikten skuldast truleg naturgitte forhold, mellom anna klimaendringar.
- Nordsjøbestanden av sei er framleis i god forfatning.
- I 2007 hadde EU og Noreg for første gong felles forvaltning av tobis i Nordsjøen.
- Reiskapsforskarar frå EU og Noreg møttest for å identifisere reiskapstekniske tiltak for trål og snurrevad i Nordsjøen

og Skagerrak – for å auke seleksjon og redusere utkast av fisk.

► Tidleg i 2007 var temperaturen i Nordsjøen ekstremt høg, 2–4 °C over normalen. Dette er rekord sidan målingane starta for hundre år sidan!

► Den frykta lobemaneta, *Mnemiopsis leidyi*, vart observert i store tettleikar i Skagerrak på seinsommaren.

Forskiings- og rådgivingsprogram økosystem kystsone

PROGRAMLEIAR: EINAR DAHL

Kystsona dekkjer eit areal som tilsvarar 1/3 av Fastlands-Noreg. Dei store fiskebestandane har gytefelt og oppvekstområde på kysten og i fjordane, og meir enn 95 % av levande marine organismar er knytte til kystsona. Dette gjer den til eit nøkkelområde i den marine verda.

Gjennom overvaking og forsking skal dette forskings- og rådgivingsprogrammet få fram kunnskap om marint miljø, biologiske ressursar og biologisk mangfald langs kysten. Kunnskapen er grunnlag for våre råd og informasjon til ulike brukarar av kystsona.

Programmet skal:

- Auke kunnskapen om oppbygging, virkemåte, variabilitet og tålegrenser i kystøkosystema
- Overvake marint miljø og biologisk mangfald langs kysten og vurdere tilstand og utvikling
- Overvake levande, marine ressursar i kystsona og auke kunnskapen om deira krav til miljøet for rekruttering og vekst og om ulike årsaker til deira døyning
- Bidra til utvikling av verktøy, metodar og utstyr for kostnadseffektiv og målretta overvaking og rådgiving, og for berekraftig hausting i og bruk av kystsona

Overvaking av miljøforholda i kystsona har vore ei av dei mest sentrale arbeidsoppgåvene i programmet i 2007. Denne overvakinga inkluderte temperatur, saltinnhald, næringssalt, oksygenforhold, plante- og dyreplankton. Området frå svenskegrensa til Lindesnes, som òg vert kalla økoregion Skagerrak, vart best dekkja. Samstundes har vi hatt ein betydeleg innsats på naturtypekartlegging. Vi har overvaka utvalde, levande, marine ressursar med størst innsats på kysttorsk, brisling, kongekrabbe, kystsel og stortare. I tillegg har vi hatt noko innsats på rognkjeks, ål, kveite, breiflabb, hummar, taskekrabbe, kamskjel og haneskjel.

Kysttorsken sin bestandsstruktur og dynamikk har hatt størst fokus i forskingsaktiviteten i programmet. Dessutan har vi arbeidd med økosystemeffektar av kongekrabbe, kva turistfiske betyr, og på årsaker til at sukkertaren går tilbake langs delar av kysten av Sør-Noreg. I tillegg har vi forska på utvikling av fiske-reiskap for ressursar i kystsona, og vi er med i eit større EU-prosjekt som utviklar tenking og verktøy for ein heilskapleg forvaltning av kystsona.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

- ▶ 2007 var 1–2 °C varmare enn normalt i dei øvre vasslaga (0–10 m), men vart litt kjøligare utover hausten. På større djup var det ca. 1 °C varmare enn normalt gjennom heile året.
- ▶ For femte år på rad var problemet med diarégift i skjel større i Nord- enn i Sør-Noreg.
- ▶ Indre deler av fjordar, ofte innanfor tersklar, er viktige gyteområde for lokale torskebestandar langs kysten.
- ▶ Kongekrabben har eit stort spreingspotensial i larvefasa, og forsøk har vist at den toler betydeleg høgare temperatur enn vi tidlegare har trudd. Merkeforsøk viser at kongekrabben vandrar relativt lite i våre farvatn, og at det kan vere eggberande hoer som først og fremst spreier arten til nye område.
- ▶ Torsk og hyse er mykje rolegare når dei vert fanga med snurrevad enn i trål, truleg fordi snurrevad glir meir langsam gjennom vatnet og lagar mindre lyd.
- ▶ Tilstanden i taresamfunna i dei ytre kyststroka på strekninga Lista–Smøla er svært god. I Sør-Trøndelag vart det observert ei tredobling i talet kråkeballar i forhold til 2005 og 2006.
- ▶ Genetiske analysar viste store innslag av kysttorsk når nordaustarktisk torsk gyter i Lofoten 2007 (Henningsvær-boksen).
- ▶ Merkeforsøk viser at ung kveite er svært stasjonær.

Forskings- og rådgivingsprogram akvakultur

PROGRAMLEIAR: KARIN KROON BOXASPEN

Forskings- og rådgivingsprogram akvakultur skal skaffe kunnskapsgrunnlag for å gi forskingsbaserte forvaltingsråd på akvakulturområdet. Kunnskapsoppbygging er viktig for at styresmaktene skal kunne utarbeide gode styringsreiskap og regelverk, overvakingsprogram og tiltak retta mot forvaltinga sine kunnskapsbehov. Det er viktig å få på plass eit fundament av grunnleggjande kunnskap for å løyse dei problema vi står overfor.

Akvakulturprogrammet skal kombinere resultat frå eksperimentelt arbeid, felldata og modellering til å gi råd om rammer og moglegheiter for norsk akvakulturaktivitet samt vidareutvikle og kvalitetssikre metodeverktøy og modellar. Dette skal gi grunnlag for heilskaplege råd innan kjerneområda.

► **Bereevne – heilskapleg miljøforvaltning av akvakulturaktivitet**

Havforskningsinstituttet brukar sin fleirfaglege kompetanse til å utvikle eit heilskapleg forvaltingskonsept for kysten. Frå 2007 jobbar vi med å utvide MOM-konseptet for miljøtilpassing i oppdrettsanlegg til MOLO som verktøy for miljøovervaking, rasjonell arealbruk, regional bereevne og fjordkultivering. Målet er å utarbeide ein prototyp av eit GIS-basert verktøy for optimal lokalisering, samt overvåkingsprogram og miljøstandardar for dei viktigaste miljøverknadene.

► **Fiskevelferd**

Havforskningsinstituttet er hovudleverandør av råd om fiskevelferd til Fiskeri- og kystdepartementet. Både miljørelaterte problem som kan føre til stress, smerte og sjukdom, samt fysiologiske og åtferdsmessige velferdsindikatorar blir adresserte. Problemstillingane strekkjer seg frå individnivå opp til studium av heile oppdrettssystem slik det blir dokumentert i merdlaboratoriet i Matre. I 2007 hadde vi spesielt fokus på ”velferdsmeteret”, dette nye måleinstrumentet som via Internett gir eit notidsbilete på velferd i merdane.

► **Overvaking av nasjonale laksefjorlar og laksevassdrag**

Opprettinga av nasjonale laksefjorlar og laksevassdrag krev eit grundig arbeid for å evaluere effekten av tiltaket. Havforskningsinstituttet har prosjekt på spreing av lakselus, sporing av rømt laks og kartlegging av genetiske interaksjonar når rømt laks går opp i vassdraga.

► **Sporing av rømt oppdrettslaks**

Utvikling av genetiske metodar har gjort det muleg å ta prøver frå rømt laks for så å finne ut kva for eit oppdrettsanlegg, og i nokre tilfelle kva for ein merd, den kan ha kome frå. I 2007 vart desse metodane for første gong implementert i ein stor rømmingsepisode. Den fisken ein gjekk ut frå hadde rømt, vart genetisk spora tilbake til eit bestemt anlegg og merd. Resultata er dokumenterte i ein vitenskapleg artikkel. Vi jobbar no med å oppgradere og utvide laboratoriekapasiteten slik at Fiskeridirektoratet kan bestille sporing av fleire og større rømmingsepisodar i åra som kjem.

► **Genetisk spreing av torsk frå merd**

Oppdrett av torsk byr på spesielle utfordringar med tanke på genetiske interaksjonar med ville populasjonar. Torsken treng ikkje å rømme fysisk for å spreie seg, fordi den gyter i merden og dei befrukta eggja blir spreidde i miljøet. Havforskningsinstituttet har sett i gang eit unikt prosjekt kor vi har latt genetisk merka torskeegg spreie seg. I 2007 gytte nærare ti tonn oppdrettstorsk i to merdar i Heimarkspollen, og i april var 35 % av larvane i området frå gytinga. Vi driv no systematisk tråling etter larvane for å sjå om dei vil overleve og kor langt dei vil drive. I åra framover vil vi kunne fastslå om denne fisken vil vekse opp og om den vil ha suksess med å krysse seg med vill torsk.

► **Sjukdom og smittespreing**

Kjennskap til smittespreing både mellom anlegg, mellom ville reservoar og oppdrett og konsekvensane av dette er viktige parameter i lovgivinga og for fiskehelse og velferd. Spesielt reservoara hos villfisk er viktige i forhold til råd som blir gitt med omsyn til smitteavgrensande tiltak. Sjukdomsagens i alle grupper som virus (nodavirus hos torsk), bakteriar (francisella hos torsk) samt parasitter (lakselus) blir studert. I 2007 vart det påvist Francisella på stamtorsk som skulle gå til storskala produksjon.

► **Internasjonal kontaktflate**

Programmet har ei omfattande internasjonal kontaktflate, deltek i fleire større EU-prosjekt og bidreg vesentleg i internasjonale fora.

Forskningsprogram klima–fisk

PROGRAMLEIAR: SVEIN SUNDBY

Hovudmålsettinga i programmet er å varsle endringar i klimaet, forstå og kvantifisere konsekvensane av desse for produksjon, utbreiing og åtferd hos marine organismar. Aktivitetane i programmet er i stor grad ein kombinasjon av prosessstudium i felt og havmodellering av klima og plankton.

Programmet vart etablert våren 2007 og har organisert aktivitetane i sju satsingsområde. Havforskningsinstituttet sitt arbeid i Bjerknes senter for klimaforskning er organisert gjennom dette programmet. Bjerknessenteret er eit av sentra for framifrå forskning i Noreg.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

- ▶ I eit stort internasjonalt polarårsprosjekt utforskar vi korleis organismar frå planteplankton til fiskeyngel og planktonetande fisk blir påverka av frontområda spesielt og havklimaet generelt i Barentshavet og i Norskehavet.
- ▶ Prosjekt knytt til innstrøyming av atlantisk vatn til norske fiskeriområde har vore eit sentralt tema ved Havforskningsinstituttet gjennom mange år. Produktiviteten i dei marine økosystema og i våre fiskebestandar er sterkt avhengig av desse forholda. Vekselverknadane mellom hav og atmosfære er heilt sentrale prosessar her, og meir populært kan vi seie at samspelet mellom klimaet i atmosfæren og klimaet i havet som er den viktigaste faktoren. Samarbeidet gjennom Bjerknes senter for klimaforskning har bidrege til å auke innsatsen på dette området.
- ▶ Vi starta arbeidet med havvarsling for desse viktige klimaprosessane. Modellering av havsirkulasjon, klimautvikling og produksjon av planteplankton er førebels dei viktigaste elementa. Med dette ønskjer vi å bringe verksemda ut på det praktiske forvaltingsplanet og bidra til utvikling av økosystembasert forvaltning.
- ▶ Gjennom samarbeidet med russiske forskarar i Barentshavet er vi komne lengre med å vurdere økosystemtilstandens verknad på fiskebestandane.
- ▶ Vårt viktigaste satsingsområde knytt til klima og fisk dei siste åra har vore korleis havfysikken verkar inn på produksjonen av dyreplankton og rekruttering hos fisk. Vi har bidrege med fleire prosjekt i det internasjonale GLOBEC-programmet. Fleire av desse prosjekta vart avslutta i 2007, med utvikling av avanserte modeller mellom dei viktigaste resultatane. Vi har utvikla ein kopla fysisk-biologisk modell for vekst, transport og spreiding av fiskelarvar og yngel frå gytefelta til oppvekstområda som no blir eit svært viktig verktøy for å forstå rekrutteringsmekanismane hos fisk, utan tvil den største vitenskaplege utfordringa i fiskeriforskinga sidan Johan Hjort starta denne forskinga for over hundre år sidan.
- ▶ Vi har starta arbeidet med å forstå korleis klimaet verkar inn på havbruksnæringa si verksemd. Førebels er innsatsen svært avgrensa, og vi er avhengige av ekstern finansiering for å få ei tilfredsstillande utvikling på dette feltet. Ei spesiell utfordring er å utforske korleis klimaendringar kan påverke utviklinga av virus, bakteriar og parasittar.
- ▶ Vi har hatt fokus på eutrofiering i Nordsjøen, eit skandinavisk samarbeidsprosjekt kor vi har studert og overvaka samanhengane mellom algeproduksjon og havklima i eit sensitivt havområde når det gjeld førekomst av skadelege algar.

Forskningsprogram olje—fisk

PROGRAMLEIAR: ERIK OLSEN

Auka kunnskap om petroleumsverksemd og forureining sin innverknad på økosystemet er hovudproduktet til forskningsprogram olje—fisk som starta i 2007. Utslepp frå petroleumsnæringa er hovudarbeidsområdet, men anna forureining frå miljøgifter, radioaktivitet m.m. blir òg undersøkt. Opp mot petroleumsverksemda er hovudmålet å få fram ny kunnskap om akutte og langtidsverkande effektar på fisk og andre marine organismar av utslipp til sjø av olje, kjemikaliar og produsert vatn. Programmet har òg ansvar for å gi råd om effektar av lyd og støy i havet, og er ein viktig bidragsytar til oppdateringa av forvaltingsplanen for Barentshavet som er planlagt i 2010.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

► Eksponering med alkylfenol ned til 20 µg/kg kroppsvekt fører til ei forseinking i gonadeutviklinga hos vaksen ho- og hannfisk. Det vart ikkje funne signifikante effektar på lågare doseringar, eller på fisk som vart eksponert for realistiske dosar med produsert vatn.

Undersøkingar har vist auka døying, redusert vekt og feminisering hos torsk som blir eksponert for høge konsentrasjonar av produksjonsvatn på egg- og yngelstadia, men ved realistiske konsentrasjonar er effektane ubetydelege.

► Generelt er nivået av cesium (Cs-137) i norske havområde svært lågt. Dei høgaste konsentrasjonane av cesium er funne i fisk fanga nær kysten. Dette kan forklarast med avrenning frå landområde som fekk mykje nedfall frå Tsjernobyl, og utstrøyming av slikt nedfall frå Austersjøen til den norske kyststraumen.

► Resultata av prøvar tekne i 2006 viser berre små endringar i dioksin og andre klororganiske miljøgifter i Frierfjorden sidan dei siste undersøkingane. Dioksinforureininga i Langesundsfjorden ser ut til å ha vore uendra dei siste 5–10 åra. Dioksinnivåa utanfor Langesundsfjorden har ikkje endra seg vesentleg sidan ca. 2000, men blåskjel, hummar, reker og makrellfilet har lagt under EU sin grenseverdi for dioksin i sjømat i heile denne perioden. Torskelever frå Grenland låg i 2006 ca. 10–100 gonger over EU sin grenseverdi, krabbesmør 15–67 gonger over grenseverdien, og aurefilet frå Langesundsfjorden omtrent på grenseverdien.

► Vassprøvene frå overflata viste 2–6 gonger høgare nivå av PAH, NPD og THC enn bakgrunnsnivået i området. Fisk og krabber fanga rundt havaristaden ca. 1 månad etter server-forliset viste litt for høge PAH-nivå i lever og innmat, men under EU sine grenseverdiar.

Forskningsprogram økosystem og bestandsdynamikk

PROGRAMLEIAR: GEIR HUSE

Målet til programmet er å utvikle ny metodikk for mengdeberekning og rådgiving, og forbetre forståing og kvantifisering av variabiliteten i fiskebestandane og resten av økosystemet. Programmet vart oppretta i 2007 og har slike oppgåver og delmål:

- Betre forståing og kvantifisering av dynamikken i økosystemet og fiskebestandane.
- Utvikle ny metodikk for å forbetre mengdeberekning og økosystembasert rådgiving.
- Kvantifisere kva lågare trofisk nivå betyr for rekruttering, vekst og vandrings hos våre viktigaste fiskebestandar.
- Betre forståing av fiskeria sin effekt på bestandane og resten av økosystemet.
- Samarbeide for at kunnskap, kompetanse og resultat om økosystema sin dynamikk blir integrert og brukt innan forskning og rådgiving i andre prosjekt og program.

Programmet hadde 47 prosjekt i 2007. Hovudaktivitetane i 2007 har vore retta mot følgjande område: fangstdata, utvikling av ny forvaltingsmetodikk, observasjonsmetodikk og økologi.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

► EU-prosjektet CODYSSEY har føreteke ei storstilt utsetjing av torsk merka med datalagringsmerke. Resultata viser at torsk oppheld seg på djup mellom 10 og 850 meter, og at gjennomsnittleg djup er større om sommaren enn om vinteren/våren. Torsk kan oppleve temperaturar ned til -1,5 °C medan han står i polarfronten i Barentshavet om sommaren, medan han på same tid kan oppleve temperaturar opp mot 21 °C i Nordsjøen. Dette viser at torsk toler eit mykje større spenn i temperatur enn vi tidlegare trudde var muleg. Prosjektet har gitt ny innsikt i torsken sin biologi og økologi som har relevans for fiskeriforvaltninga.

► Innan det strategiske instituttprosjektet Absolutt mengdemåling er det utvikla metodar og statistiske verktøy for berekning av total uvisse i våre viktigaste toktbaserte mengdemål på pelagisk fisk. Vi har òg arbeidd med å undersøkje, samanfatte og publisere viktige korreksjonar for systematiske målefeil, slik at total uvisse kan bereknast. Uvisse frå parameter, kalibrering, seleksjon i fangstprosessen og artsidentifikasjon er no inkludert i modellen. Prosjektet har hatt svært god publikasjonsrate og har bidrege til utvikling av ei rekkje nye måleinstrument.

► Programmet har stor aktivitet knytt til innsamling og analyse av kommersielle fangstdata. Referanseflåten, med 16 havgåande fiskefartøy, tek hyppige prøvar av fangstane sine og sender data og øyresteinar til Havforskningsinstituttet, som bruker dei i bestandsrådgivinga. I programmet er det utvikla ein stokastisk populasjonsmodell som gjer nytte av både tokt- og fangstdata. Modellen blir tilpassa tilgjengelege data og gir estimat av populasjonsstorleikar med tilhøyrande uvisse. Ein styrke ved modellen er at den gir estimat på naturleg døying, ein viktig variabel som det tradisjonelt er vanskeleg å estimere for fiskebestandar. Resultata viser at den naturlige døyinga hos nordaustarktisk torsk kan variere sterkt frå år til år.

Forskningsprogram MAREANO

PROGRAMLEIAR: LENE BUHL-MORTENSEN

MAREANO vart eit eige forskningsprogram med prosjekt og aktivitetar knytt til kartlegging og forskning på botnhabitat i 2007. Forskningsprogrammet MAREANO skal bidra til ei heilskapleg forvaltning av det marine miljø. Gjennom kartlegging, vurdering av tilstand og overvaking av bentiske naturtypar, hovudsakleg på kontinentalsokkelen men også i kystsona, skal programmet auke kunnskapsgrunnlaget for ei økosystembasert forvaltning. Dette vil gi eit viktig og nødvendig grunnlag for heilskapleg forvaltning kor det er stort behov for kunnskap om marin biodiversitet og habitatutbreiing.

For forvaltninga av fiskeri, oljeverksemd og skipstrafikk er det særskild viktig å få fram eit godt kartgrunnlag som beskriv habitat og natur- og fiskeressursar. Resultat frå kartlegginga vil kunne brukast direkte av forvaltarar via databasar eller som råd til Fiskeri- og kystdepartementet, Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet om mulige effektar av olje, fiskeriaktivitetar og skipsfart i ulike havområde.

Den største aktiviteten i forskingsprogrammet er det tverrsektorielle MAREANO-programmet. Gjennom dette programmet skal Statens kartverk Sjø, Noregs geologiske undersøking og Havforskningsinstituttet samle informasjon om djupne, grunnforhold og dyreliv på havbotnen. Dette er kunnskapshol som er avdekka i Forvaltingsplan Barentshavet og som MAREANO-programmet skal tette. Innan utgangen av 2010 skal dei sørlege delane av Barentshavet, inkl. områda utanfor Lofoten og Vesterålen, vere kartlagde. I Stortingsmelding nr. 8 er det gitt klare føringar om at områda Eggakanten, Tromsøflaket, Troms II og Nordland VII skal prioriterast. Havforskningsinstituttet er koordinator i programmet.

VIKTIGE RESULTAT I 2007

► MAREANO web-portal

Havforskningsinstituttet overtok driftsansvaret for MAREANO sin web-portal (*mareano.no*) i 2007. Det er utvikla ein kartklient for presentasjon av geografisk informasjon frå norske havområde. Resultat frå 2006- og 2007-kartlegginga er presentert i karttenesta på web-portalen. Nokre eksempel er kart over botntypar, biomasse og artstal for botndyr.

► Resultat frå kartlegging

I sektorane Troms II og Nordland VII vart det utført sjømåling. To kartleggingstokt for geologi, naturressursar og miljø vart gjennomførde, og kartlagt areal utgjorde 14 000 km² fordelt på Tromsøflaket, Troms II og Nordland VII. Nye og unike marine område vart dokumentert, mellom anna den undersjøiske ravina "Bleiksdjupet", 300 Lophelia-korallrev og gassoppkome utanfor Vesterålen i Nordland VII. Vi har levert informasjon frå kartlegginga til Fagleg forum og overvakingsgruppa for Forvaltingsplan Barentshavet, og utviklinga av Nye norske naturtypar. Videoplattformen "Campod" blir vidareutvikla for visuell kartlegging av dyreliv og naturtypar ned til 2000 m. Kartlegging med fokus på svamp og korall i Barentshavet viser at det nordlegaste og austlegaste Lophelia-revet finst ved Sørøya. Lenger aust finst korallskogar, men ikkje rev. Nasjonalt kartleggingsprogram for utvalde marine naturtypar starta i 2007.

► Rådgiving og forvaltning

Informasjon frå programmet vart brukt av ekspertgruppe for vurdering av korallartar for norsk raudliste og i ekspertgruppe for utvikling av Ny norsk naturtypeklassifisering. Begge desse ekspertgruppene vert leia av Artsdatabanken. Vi har levert forslag til Fiskeri- og kystdepartementet på kriterium for vern av korallrev og på nye korallområde som bør vurderast verna i Norskehavet og Barentshavet. Vi har òg beskrive sårbare botndyrssamfunn til "Arealrapport med miljø- og ressursbeskrivelse". Internasjonalt har vi gitt råd primært til ICES og OSPAR.

Forskningsprogram biologiske mekanismar og akvakultur

PROGRAMLEIAR: OLE TORRISSEN

Biologiske mekanismar i marine økosystem og akvakultur er eit nyetablert forskningsprogram som skal drive langsiktig, grunnleggjande forskning om biologi og samspel med miljøfaktorar og slik bygge kunnskap som på sikt styrkjer rådgivinga innan marin ressursutnytting og akvakultur.

Nye utfordringar innan økosystemtilnærming til utnytting av marine levande ressursar og berekraftig akvakultur set krav til ei meir grunnleggjande forståing av ei rekkje biologiske mekanismar i dei mest sentrale artane i oppdrett og økosystema på kysten, i Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen. I programmet har vi spesielt fokus på å forstå korleis ulike miljøfaktorar og menneskelege inngrep verker inn på disse artane. Programmet legg vekt på å utvikle nye forskingsverktøy inkludert genomressursar og -verktøy, databasar, forsøksorganismar og eksperimentelle og fysiologiske metodar og feltmetodikk.

Programmet vart etablert i 2007 og er framleis i oppbyggingsfasen. Det har følgjande strategiske prosjekt:

- Marin genomforskning
- Evolusjonære effektar av fiske
- Velferd i fiske og fangst
- Populasjonsgenetikk og livshistorie
- Marine patogen og smitteoverføring
- Forsøksorganismar
- Tidlege livsstadium og normalutvikling
- Reproduksjon og vekstprosessar
- Velferd og stressindikatorar
- Reproduksjonsstrategiar
- Populasjonsdifferensiering hos torsk med fokus på Lofoten og fjordar i Nord-Noreg
- Sansebiologi



Norsk-russisk samarbeid i 50 år

I 1957 la forskarar frå Havforskningsinstituttet og PINRO i Murmansk grunnlaget for eit unikt samarbeid om kunnskapsanking i Barentshavet. I august 2007 sette dei kvarandre stemne i Tromsø for å markere at våre to institusjonar har delt kunnskap i 50 år. Naturleg nok var ein tur med “G.O. Sars” lagt inn i programmet og på biletet over er “jubilantane” på veg til Skjervøy.

Utviklinga i bestandane av nordaustarktisk torsk og norsk vårgytande sild på 1950-talet skapte behov for eit nærare samarbeid mellom norske og russiske havforskarar. På den tid gav ikkje ICES råd om totaluttak av bestandane, og både Barentshavet og Norskehavet var frie opne hav der alle kunne fiske så mykje dei ville. Fisket etter nordaustarktisk torsk gjekk ned, og aldersfordelinga i bestanden indikerte at det skuldast overfiske. Når det gjaldt silda var det usemje mellom norske og russiske forskarar om dette skuldast det norske fisket på ungsild. Difor var det eit ønskje frå begge

land om eit tett samarbeid utover samarbeidet i ICES for å finne årsakene til dei store, synlege endringane.

Gjennom 50 år har samarbeidet utvikla seg, og i dag arbeider forskarane med langtidsstrategiar, haustingsreglar og økosystemforvalting, ikkje berre med å få fram tal for neste års kvotetilråding. Innføring av økonomiske sonar og opprettinga av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon har hatt sterk innverknad på samarbeidet. No prøver norske og russiske forskarar å bli samde om saker som skal behandlast i fiskerikommisjonen. Utan ei felles innstilling frå norske og russiske forskarar er det vanskeleg å få effektive vedtak i kommisjonen. Etter kvart vil truleg også arbeidet i den norsk-russiske miljøkommisjonen prege samarbeidet.



Faggrupper

Botnfisk

FAGGRUPPELEIAR: HARALD GJØSÆTER

Grappa arbeider med forskning på og overvaking av dei viktigaste botnfiskartane (som torsk, hyse og sei). Målet er først og fremst å vinna kunnskap som kan brukast til å vurdere bestandssituasjonen for dei viktigaste bestandane, og å gi råd i forvaltningsspørsmål. Vidareutvikling av innsamlingsmetodikk og av metodar og modellar til bruk i bestandsvurderingar og haustingsstrategiar er også sentrale oppgåver for faggruppa.

Botnhabitat og skaldyr

FAGGRUPPELEIAR: OLE JØRGEN LØNNE

Grappa arbeider med bentiske naturtypar i kyst- og havområde, og habitat og deira tyding for økologi og det biologiske mangfald. Levande organismar knytt til havbotnen og hausting av reke, kongekrabbe og andre skaldyr. Havbeite av skaldyr og krepsdyr, haneskjel og kamskjel høyrer òg til i denne gruppa. Vi ser òg på helsetilstanden i bentossamfunn og har fagansvar for overvaking, tilstandsvurdering, taksering, populasjonsanalysar, modellering, prognostisering, haustings- og bevaringsstrategiar, taksonomi og systematikk.



Djuphavsartar

FAGGRUPPELEIAR: OLE THOMAS ALBERT

Grappa arbeider med hausting av djuphavsartar (til dømes djuphavshai, blåkkeite, brosme, lange, blålange, uer, vassild, skolest, meso- og bathypelagiske artar). Vi har fagansvar for overvaking, tilstandsvurdering, taksering, populasjonsanalysar, modellering, prognostisering, haustings- og bevaringsstrategiar, fisketaksonomi og -systematikk.

Dyrevelferd

FAGGRUPPELEIAR: TORE KRISTIANSEN

Grappa arbeider med å utvikle system for heilskapleg overvaking av dyrevelferd i fiskeri- og oppdrettsnæringa. Dette inkluderer studium av oppdrettsmiljø og fisk si meistring av og toleranse for miljøvariasjon (temperatur, oksygen, trykk, lys, fisketettleik). Vi ser òg på handtering, åtferdsindikatorar og operasjonelle velferdsindikatorar, læring og kognitive evner hos fisk. Vidare arbeider vi med anestesi og sedasjon ved handtering av fisk, økofysiologisk modellering, internetbasert dataregistrering, målemetodar og teknologi, databasar og ekspertsystem.

Fangst

FAGGRUPPELEIAR: ARILL ENGÅS

Med basis i kunnskap om fiskeåtfærd og reiskapsteknologi skal grappa hjelpe fiskeriforvaltning, fiskerinæring og andre grupper ved instituttet med utvikling og tilpassing av energieffektive, miljø- og ressursvenlege fangstmetodar, samt å utvikle betre metodikk for prøvetaking av marine organismar ved ressursundersøkingar. Grappa skal òg leggje til rette for vitenskapleg baserte tekniske reguleringar i fisket og bidra til at konsekvensar av slike tiltak blir analyserte og vurderte.

Fiskeridynamikk

FAGGRUPPELEIAR: KJELL NEDREAAS

Faggruppa Fiskeridynamikk arbeider med fangstdata, innsats og flåteutvikling i kommersielle fiskeri, turistfiske og fritidsfiske, og korleis slik informasjon kan leie til betre og sikrere forståing av bestandar og forvaltingsråd. Gruppa har òg ansvar for kontakt mot referanseflåten, overvakingstenesta inkl. Kystvakta, innhenting av fiskerirelaterte data, uvisse i fiskeridata (til dømes manglar i rapporteringa, utkast, illegal omsetning), tekniske reguleringar, flåtestruktur og haustingsmønster, i tillegg til populasjonseffektar av fiskepress. Faggruppa inkluderer også fagpersonell på fiskesystematikk, og leier nasjonal ekspertgruppe på raudlisting av marin fisk.

Helse

FAGGRUPPELEIAR: ØIVIND BERGH

Faggruppa skal bidra til god helse og velferd hos fisk, skjel og krepsdyr i oppdrett gjennom forskning på førebyggjande helsearbeid, diagnostikk og behandling. Faggruppa skal også studere sjukdomar i ville bestandar, og potensialet for smittespreiing mellom ulike ville og oppdretta bestandar. Viktige forskingsfelt for gruppa er bakterielle fiske- og skjelsjukdomar, virussjukdomar, immunologi, førebyggjande behandling mot sjukdom, skjelhelse, parasittologi og lakselusbiologi.

Marin miljøkvalitet

FAGGRUPPELEIAR: JARLE KLUNGSØYR

Gruppa undersøker førekomstar av kjemisk forureining i sjøvatn, sediment og marin fauna og studerer verknadane av dette på livet i havet. Overvaking og forskning på dette fagområdet blir brukt til å dokumentere miljøtilstand og vurdere konsekvensar av forureining. Informasjonen blir samla inn for å kunne gi premisser og råd for ei heilskapleg forvaltning av norske kyst- og havområde. Faggruppa har spesiell kompetanse i analytisk kjemi, biokjemi, molekylærbiologi og immunologi.

Norsk marint datasenter

FAGGRUPPELEIAR: HELGE SAGEN

Norsk marint datasenter (NMD) er eit nasjonalt datasenter for profesjonell handtering og langtidslagring av marine miljø- og fiskedata, og for framstilling av dataprodukt. NMD vedlikeheld den største samlinga av marine miljø- og fiskedata i Noreg. Dei viktigaste arbeidsoppgåvene er å samle, kvalitetssikre og lagre marine miljø- og fiskedata og å gjere desse tilgjengelege for forskinga.

Observasjonsmetodikk

FAGGRUPPELEIAR: OLAV RUNE GODØ

Observasjonsmetodikk arbeider med metodar og modellar for innsamling av ressursdata, akustikk, observasjonsplattformer og teknologi, og med metodar og protokollar for innsamling av relevante biologiske data (trålsampling).

Faggruppa arbeider med prosjekt som skal undersøkje effekten av lågfrekvente sonarar på det marine liv og har teke i bruk stasjonære, akustiske system på havbotnen. Dette er internasjonale samarbeidsprosjekt som gir viktig stimulans innan faggruppa sine kjerneområde og inngår i ein strategi for utvikling av morgondagens overvakingssystem.

Oseanografi

FAGGRUPPELEIAR: BJØRN ÅDLANDSVIK

Forskning og overvaking på fysiske og klimatiske prosessar som påverkar dynamikken i dei marine økosystema. Stikkord er havklimaprosessar, variabilitet og endringar, effektar på økosystem og operasjonell oseanografi. Målet er å forstå og kvantifisere konsekvensen av oseanografisk variabilitet og endring i havklima for produksjon, utbreiing og åtferd hos marine organismar.

Oseanografi inkluderer fysiske, kjemiske og biologiske aspekt. For å oppnå dette driver gruppa systematisk overvaking av hydrografi (temperatur og saltinnhald) og straumforhold, i tillegg til å overvake næringssalt og primærproduksjon (planteplankton). Overvakninga skjer i faste snitt, på faste stasjonar og ved regionale dekkingar av ope hav, kystnære område og fjordar.

Pelagisk fisk

FAGGRUPPELEIAR: ARIL SLOTTE

Gruppa arbeider med hausting av planktonetande artar (til dømes sild, makrell, taggmakrell, lodde, brisling, tunfisk, kolmule, epipelagisk hai og -blekksprut). I tillegg har gruppa ansvar for planktonetarane sin populasjonsbiologi og næringsøkologi, kompetanse om overvaking, tilstandsvurdering, taksering, populasjonsanalysar, modellering, prognostisering, haustings- og bevaringsstrategiar, fisketaksonomi og -systematikk.

Plankton

FAGGRUPPELEIAR: WEBJØRN MELLE

Gruppa skal overvake og drive forskning på plante- og dyreplankton, fiskeegg og -larvar i våre marine økosystem, inkludert kystøkosystema.

Gruppa sine hovudoppgåver er knytte til økosystembasert forvaltning, produksjonsforhold, biologisk mangfald og suksesjon, næringsnett, effektar av eutrofiering og klima, skadelege algar sin biologi og økologi, introduserte



mikroorganismar og interaksjonen mellom algar og virus/bakterier. Grappa deltek i fleire store nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt, mellom anna Polaråret, klimaeffektar, villaks i havet, plankton som fôrressurs, planktonproduksjon og -økologi, skadelege algar m.m.

Populasjonsgenetikk og økologi

FAGGRUPPELEIAR: TERJE SVÅSAND

Grappa skal skaffe fram kunnskap om bestandsstruktur og biologiske, definerte forvaltningseiningar basert på allereie etablerte og nye populasjonsgenetiske metodar. I arbeidet tek vi i bruk genetiske metodar for identifisering av artar, vi utviklar genetiske databasar over viktige artar Noreg har forvaltingsansvar for, og vi kartlegg mengde, utbreiing og åtferd hos rømde havbruksorganismar. I tillegg undersøker vi populasjonsregulerande effektar av havbruk på ville bestandar og kartlegg genetisk variasjon og slektskap i stamfiskbestandane. Grappa har òg ansvar for å produsere genetisk definerte forsøksgrupper.

Reproduksjon og vekst

FAGGRUPPELEIAR: GEIR LASSE TARANGER

Faggrappa arbeider med forskning og råd på kjønnsmodning, eggproduksjon og vekstprosessar i både oppdrettsartar og ville populasjonar. Vi nyttar ei rekkje molekylære, fysiologisk og morfologiske metodar i samband med eksperimentelt arbeid på fisk og på prøvar samla inn i felt. Dette er mellom anna knytta til oppdrettstilhøve, fiskevelferd, stamfiskhald, rekrutteringsprosessar og berekning av gytebestandar. Grappa har særleg fokus på korleis ulike miljøtilhøve som til dømes lys og temperatur verkar inn på ulike prosessar i fisken, og korleis dette verkar inn på eigenskapar som alder og storleik ved kjønnsmodning, gytetid, eggmengd og kvalitet, samt konsekvensar for neste generasjon. Ein stor del av arbeidet er også knytt opp mot å forstå normal utvikling hos fisk samt å unngå feilutvikling og andre produksjons- lidingar i oppdrett.

Sjøpattedyr

FAGGRUPPELEIAR: TORE HAUG

Sjøpattedyrgruppa si hovudmålsettjing er å vidareutvikle metodikk for og gjennomføre rutine med oppdatering av rådgivingsgrunnlaget for forvaltning av sel og kval (talrikdom, produksjonsevne, økologisk tyding) med hovudvekt på artar som bli hausta (inkludert bifangst) eller som utgjer viktige ledd i marine økosystem. Rådgivinga skal basere seg på mengdemåling, fortløpande undersøkingar av bestandsstruktur, overvaking og kvantifisering av diett, konsum og kondisjonsforhold for både sel og kval. Uvisse i utrekningane skal talfestast.

Tidlege livsstadium

FAGGRUPPELEIAR: ANDERS MANGOR-JENSEN

Faggruppa gjer undersøkingar relatert til mengdeberekning av 0-gruppe av ville populasjonar, finskala predator-bytte-interaksjonar i havet og i intensive kulturar. Vidare arbeider gruppa med effektar av miljøgifter på tidlige stadium av marine organismar og undersøkingar av miljøinteraksjonar og fordelingsmodellar på fiskeegg og -larvar. Gruppa har fagleg ansvar for å skaffe fram biologisk forskingsmateriale (frå egg til yngel) og bringe fram kunnskap om mekanismar bak feilutviklingar og deformitetar hos tidlige stadium.

Utbreiing og trofiske interaksjonar

FAGGRUPPELEIAR: KATHRINE MICHALSEN

Gruppa sitt mål er å bringe fram kunnskap om utbreiing og trofiske interaksjonar, drive metodeutvikling innanfor økologi og å ha kunnskap om ikkje-kommersielle artar og indikatorar for marin økosystembasert forvaltning. Gruppa jobbar med teoretiske, eksperimentelle og feltbaserte studium med fokus på interaksjonar mellom artane i marine økosystem. Utbreiing og trofiske interaksjonar sine hovudarbeidsområde er mellom anna utbreiing og vandring, byttedyrseleksjon og predator sin funksjonelle respons, diettstudium, trofisk struktur i marine økosystem, næringskjeder og energiflyt, testing av biologiske samanhengar i populasjonsdynamiske modellar, konsum, vekst og naturleg døying.



Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid

PROGRAMLEIAR: ÅSMUND BJORDAL

Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid representerer Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet. Målet med verksemda er å støtte oppbygging av kompetente og sjølvstendige forskings- og forvaltingsinstitusjonar i utviklingsland – for berekraftig utvikling på områda fiskeri, havbruk, olje – fisk og miljø. Aktiviteten er heimla i Fagsenteravtalen med Norad og Utanriksdepartementet. Senteret vart organisert som ei eiga avdeling i Havforskningsinstituttet i 2007.

FAGLEG AKTIVITET

Gjennom det nasjonale Fiskerifagleg forum for utviklingsland vart det gjennomført eit seminar med tema “Small-scale fisheries - A challenge for fisheries management - Experiences and lessons from developing countries and Norway”. Det årlege faglege møtet hadde fokus på: “Internasjonal fiskeriforskning – finansieringsformer og samarbeid med land i sør”

Prosjektdokument for samarbeid med Mauritius vart utvikla i samarbeid med lokale institusjonar.

► Nansen-programmet

Gjennom avtale med FAO driflar vi forskingsfartøyet “Dr. Fridtjof Nansen” som opererer i det sørlege Afrika. Dette inngår som ein kjerneaktivitet i det nye EAF (Ecosystem Approach to Fisheries)-programmet, der vi i tillegg til teknisk drift har ansvaret for det vitenskaplege opplegget i samarbeid med aktuelle land i sør. Viktige resultat i 2007:

- I alt vart det gjennomført seks tokt på i alt 139 døgn for Angola, Namibia, Sør-Afrika gjennom BENEFIT-programmet.
- Det vart gjennomført ei 64 døgn lang undersøking i Guineagulfen på oppdrag frå den regionale organisasjonen Guinea Current Large Marine Ecosystem Programme (GCLME).
- I september gjekk “Dr. Fridtjof Nansen” for første gong til Det indiske hav. På oppdrag frå Mosambik vart det utført eit økosystemtokt langs heile kysten med spesialstudium, mellom anna kartlegging av dei viktigaste bankane utanfor sokkelen og forureiningsstudium i eit område for petroleumsutvinning utanfor kysten i nord. Toktet varde i totalt 86 døgn. Sist det vart gjennomført ei totaldekning i Mosambik var i 1977–78, då med den førre “Dr. Fridtjof Nansen”.

Bilaterale samarbeidsprogram

► Angola

- Opplæring: I alt åtte angolanmarar deltok på spesialkurs i kjemisk analyse og miljøovervaking ved Universitetet i Bergen og SINTEF. Vi arrangerte studietur til Noreg for tretten fiskeindustrirepresentantar og fem fiskeriinspektørar frå Angola.
- Sedimentprøver innsamla av “Dr. Fridtjof Nansen” rundt angolanske oljeinstallasjonar vart analyserte ved UNIFOB og Havforskningsinstituttet.
- Fiskeriteknologi: Vi gjorde ei vurdering av reiskapsutvikling i småskalafisket og eit forsøk med sorteringsrist vart gjennomført i det angolanske reketrålfisket.

► Mosambik

- Patruljefartøy vart leigd inn, oppgradert og sett i drift med hovudbase i Beira.
- Design og budsjett for nytt patruljefartøy vart levert.
- Vi leverte ein rapport av behov for trening i fiskerikontroll.
- Strategi for utvikling av fiskeriforskningsinstituttet vart ferdigstilt.
- Vi gjennomførde bestandsvurdering og rådgjeving for rekefisket.
- Databasen SIMAR vart oppgradert.
- “Dr. Fridtjof Nansen” gjennomførde økosystemtokt og spesialstudium i mosambikanske farvatn.
- Vi gav råd innan fiskeriteknologi og datainnsamling.
- Plan for etablering av fiskerimuseum vart godkjend.

► Sør-Afrika

- Levert innspel til policy, sektorplan og konsesjonsreglar i akvakultur.
- Kamskjel: Levert generell rådgiving og plan for yngelproduksjon.
- Rådgiving for infeksjonshindrande tiltak i oppdrett av abalone.
- Fire mastergradstudentar frå Sør-Afrika under utdanning i Tromsø.
- Levert rådgjeving på metodikk og forskingsstrategi for bestandsanalysar av lysing (hake).

► Indonesia

- Etter stor feltinnsats for å dokumentere skader av tsunamien på det marine økosystemet, vart resultatane presenterte under vitjing av ein delegasjon frå Indonesia.

► **Kina**

Etter eit langvarig samarbeid med Kina, har aktiviteten dei siste åra vore låg. I 2007 vart det halde dialogmøte med sikte på å opprette nye samarbeidsprosjekt.

► **Pakistan**

- Moglege samarbeidsprosjekt med Pakistan er vurdert og prosjektdokument er utarbeidd.
- Vi har utarbeidd anbodsgrunnlag og delteke i utvalet av forskingsfartøy for ressurskartlegging i pakistanske farvatn

► **Thailand**

Akvakultur

- Lokalt tilsette er no i stand til å operere eit moderne merdanlegg. Dette var eit hovudmål for prosjektet, og resultatet viser at prosjektet har vore vellukka.
- Kunnskap om fiskehelse, korleis unngå sjukdom og parasittar er styrka.
- Utstyr er kjøpt inn og transportert til Thailand som planlagt.
- Prosjektet har også lukkast med å produsere eit vesentleg volum slakteferdig fisk.

Fiskeri

- Tre thailandske forskarar fekk opplæring i toktmetodikk om bord i “Johan Hjort”.
- Instrumentering om bord i forskingsfartøyet Pramong 4 vart oppgradert og ny pelagisk prøvetakingstrål vart utvikla og testa.

► **Vietnam**

- Arbeidet med utvikling av ei moderne fiskerilov for Vietnam vart avslutta i 2004 og følgd opp gjennom prosjektet “Bringing the law to life” – der lovar og reglar vert testa i praksis gjennom utprøving i pilotområde. Dette har gitt gode resultat – og ei evaluering av prosjektet i 2007 viser at dei fleste er nådde halvvegs i prosjektperioden.

► **Cuba**

- Etter ny dialog med kubanske partnerar i 2007, ligg det an til vidareføring av eit tidlegare samarbeidsprosjekt innan akvakultur.

► **Nicaragua**

- Bygging av Fisheries Information Centre/Inspectorate vart påbegynt.
- Eit prosjekt på identifisering av sjøpølser er avslutta.
- Utvikling og formalisering av lokale fiskarkooperativ er starta og fungerer bra.
- Informasjonsprogram for bevaring av miljøet og promotering av fisk er starta opp i barneskular i Nicaragua.



Kungsfenan, The Swedish Seafood Award, til norsk fiskeribistand

21. september mottok Nansenprogrammet Svensk Fisk sin internasjonale pris, Kungsfenan, for sitt banebrytande arbeid. Prisen er delt i to, og Nansenprogrammet fekk prisen for berekraftig fiskerinæring.

I meir enn 30 år har Nansenprogrammet arbeidd for betre fiskeriforvaltning i fattige land. Det unike programmet har hjulpet kyststatar verda over med kartlegging av fiskebestandar, oppbygging av forskingskompetanse og etablering av forvaltningssystem.

Havforskningsinstituttet sin administrerende direktør Tore Nepstad og direktør Poul Engberg-Pedersen i Norad var tydeleg stolte prismottakarar i Göteborgs operahus. Prisen vart overrekt av kronprinsesse Victoria framfor ein fullsett operasal. Ei stor oppleving! Prisen består av ein flott glasskulptur, diplom og 300 000 svenske kroner.

I sin takketale sa Tore Nepstad mellom anna at Nansenprogrammet, som vart initiert av tidlegare direktør ved Havforskningsinstituttet, Gunnar Sætersdal, er blitt ein suksess. Prisen er ein stor heider til forskarar, teknikarar og alle andre som har bidrege til suksessen. Nansenprogrammet har vore unikt, og sjølv om samarbeidspartnarar, finansieringskjelder og forskingsutstyr har endra seg sidan starten, har målet alltid vore det same: å hjelpe utviklingsland til sjølv å ta ansvar for forvaltning av sine fiskeressursar, understreka Nepstad.

Prisen skal brukast til å stimulere til forskning og samarbeid mellom unge forskarar i Noreg og i utviklingsland. På den måten kan vi sikre at prisen vert hugsa og at historia og tradisjonen i Nansenprogrammet vert teken vare på og vidareført.



Infrastruktur

Avdeling for teknisk infrastruktur

AVDELINGSDIREKTØR: ØYSTEIN BRUN

Teknisk infrastruktur har ansvar for drift og utvikling av instituttet sine laboratorium og stasjoner. Målet er at instituttet til ei kvar tid skal ha ein moderne og relevant infrastruktur som er tilpassa forskning og rådgiving på høgt nivå. Dette krev både investeringar og vedlikehald, eit område kor instituttet har eit etterslep i forhold til dokumenterte behov.

2007 har vore prega av omorganisering og arbeid med å få organisasjonen til å virke etter intensjonen. Det har vore arbeidd intenst med å utvikle gode og tenlege interne rutinar som støttar instituttet sine kvalitetsmål. Avdelinga har bidrege aktivt i implementering av felles rutinar og prosedyrar for administrative verkøy.

Avdeling for teknisk infrastruktur erstatta Forskingsteknisk avdeling etter omorganiseringa i mars 2007.

► Stasjon Bergen

LEIAR: MERETE FONN

Stasjon Bergen har ansvar for kjemilaboratoriet, molekylærbiologisk laboratorium, biologisk drift, teknisk drift og feltstasjonen Parisvatnet.

Kjemilaboratoriet utfører kjemiske analyser på næringssalt og algebiomasse, radionuklider, algetoksin og organiske miljøgifter i tillegg til måling av effektar av miljøgifter ved hjelp av biokjemiske analyser.

Ved molekylærbiologisk laboratorium vert det arbeidd med prosjekt knytt til helse og velferd på fisk og skjel, lus på laks og torsk, sporing av rømt oppdrettsfisk, DNA-register på vågekval og populasjonsgenetikk.

Biologisk drift har ansvar for alle fiskeforsøk som blir utførte i laboratoria i Bergen. Her testar vi ut vaksiner, gjer kinetiske studium for nye antibiotika, smittforsøk med ulike bakteriar, virus og parasitter, og stressrelaterte forsøk.

Teknisk drift omfattar drift av bygg og verkstaden. Her ligg ansvaret for blant anna brannvern, prosessanlegga, sikring av bygg og generelt vedlikehald. Verkstaden utfører design og produksjon av forskingsutstyr.

Parisvatnet har eige klekkeri, poll og sjøanlegg både på utsida og inne i pollen. I 2007 vart det produsert 500 000 torskeyngel her. Her vert det òg arbeidd med klekking og påvekst hos hummar, og her er stamfisk til "cod bio-bank".

► Stasjon Tromsø

LEIAR: IVAN AHLQUIST

Talet på tilsette ved instituttet sin avdeling i Tromsø auka frå 30 til 44 i løpet av 2007.

For å dekkje behov for laboratorium for genetikkforskning inngjekk vi samarbeid med Noregs fiskerihøgskole og NOFIMA (tidlegare Fiskeriforskning) om ein 40 % laboratoriearbeidsplass hos kvar av dei. Dette dekkjer vårt behov, kan bidra til auka samarbeid mellom institutta og eventuelt generere nye prosjekt. Vi har òg inngått samarbeidsavtale med MARBANK som gir tilgang på opptil tre laboratoriearbeidsplassar for bentosforskarane. Saman med Noregs fiskerihøgskole har vi leigd nytt lager for fiskereiskap, toktutstyr og kaianlegg.

► Forskingsstasjonen Flødevigen

LEIAR: PETTER BAARDSEN

